



ALVER
KOMMUNE

PLAN FOR FRILUFTLIVETS FERDSELSÅRER 2022-2026

Høyringsutkast



Innhald

| | | |
|-----|--|----|
| 1. | Innleiing | 2 |
| 1.1 | Bakgrunn | 2 |
| 1.2 | Mål for planen | 3 |
| 1.3 | Avgrensing | 4 |
| 1.4 | Oppbygging av planen | 5 |
| 1.5 | Metode | 5 |
| 1.6 | Nasjonale, regionale og lokale føringar og kunnskapsgrunnlag | 6 |
| 2 | Sti- og løypearbeidet i Alver kommune | 8 |
| 2.1 | Status | 8 |
| 2.2 | Kommunen si rolle | 8 |
| 2.3 | Bergen og omland friluftsråd | 9 |
| 2.4 | Turlag og andre frivillige lag | 9 |
| 2.5 | Grunneigarar | 9 |
| 3 | Status på eksisterande sti- og løypenett | 10 |
| 3.1 | Ferdselsårer kring skulestader | 10 |
| 3.2 | Ferdselsårer med regional verdi/potensiale | 31 |
| 4 | No-status vs. resultatmål | 38 |
| 4.1 | Ferdselsårer kring skulestader | 38 |
| 4.2 | Ferdselsårer med regional verdi/potensiale | 39 |
| 5 | Tiltaksplan | 41 |
| 5.1 | Korleis skal planen følgjast opp? | 41 |
| 5.2 | Generelle tiltak | 41 |
| 5.3 | Større einskildtiltak | 44 |

1. Innleiing

1.1 Bakgrunn

Alver kommune har flotte og varierte friluftsområde med alt frå kystnære stiar, turar i skogsterreng og fjellandskap. Dei siste åra ser me ei markant auke i talet på turgåarar og gjennomførte turar, og kombinert med eit våtare klima har dette ført til stor slitasje på stiane mange stader. Fleire turgåarar fører til større behov for tilrettelegging. Mange turgåarar gjer det også viktig å kanalisera ein del av ferdselen til dei stiane som toler høg bruksfrekvens. Kombinasjonen av auka bruk, større slitasje og manglande kunnskap og oversikt over stiane i kommunen har utløyst eit behov for å kartleggja status og behov for tiltak på sti- og løypenettet i kommunen.

I regjeringa sin *Handlingsplan for friluftsliv* frå 2018 initierer regjeringa eit fleirårig prosjekt – *Friluftslivets ferdselsårer* - som har som mål å fremja planlegging, opparbeiding, skilting og merking av samanhengande nettverk av turstiar. Det vart utarbeida ein rettleiar for planarbeidet, *M1292-2019 Plan for friluftslivets ferdselsårer*. «Friluftslivets ferdselsårer» vert i rettleiaren definert som traséar for ferdsel som er synlege i terrenget i den sesongen som er aktuell for bruk, og leier for ferdsel på vatn og over brear.

Plan for friluftslivets ferdselsårer i Alver kommune er forankra i Anleggsstrategi for Alver kommune 2021-2023. Planstrategien slår fast at Plan for friluftslivets ferdselsårer skal ha status som temaplan.

Definisjonar

Friluftsliv vert definert som opphald og fysisk aktivitet i friluft i fritida med sikte på miljøforandring og naturopplevingar. Det er i tråd med definisjonen som vert lagt til grunn i Stortingsmelding 18 (2015-16) *Friluftsliv — Natur som kilde til helse og livskvalitet*.

Ferdselsårer: Ferdselsårer er traséar for ferdsel som er synlege i terrenget i den sesongen som er aktuell for bruk, og leier for ferdsel på vatn og over brear.

Ulike typar ferdselsårer:

- **Sti** er eit tydeleg, smalt og samanhengande trakk i terrenget som har oppstått gjennom bruk eller aktiv tilrettelegging.
- **Turveg** er ein opparbeida og samanhengande ferdselsåre med jamt og fast toppdekke i minst 1,2 m bredde.
- **Lei** er ferdselsårer på vatn og over brear.
- **Løyper** er ferdselsårer på snødekt mark som jamleg vert trakka eller preparerte, eller som vert merka eller kvista som traséar for vinterferdsel.

Turruter er skilta, merka og kartfesta traséar for ferdsel i den sesongen som er aktuell for bruk. Det vert skild mellom fleire typer turruter, sjå Merkehåndboka. no for meir informasjon.

Turforslag er ein anbefalt tur. Turforslag er ikkje ein del av de offentlege kartgrunnlaget. Turforslag vert formidla bl.a. på ulike turportalar, informasjonsbrosjyrar, turkort og gjennom munnleg overlevering.

Målpunkt: Målpunkt er både stader der det er naturleg å starta og avslutta bruken av ferdselsårene og attraksjonar/ stader som motiverer til bruk av dei. Døme på slike stader er parkeringsplassar, benkar, gapahukar, utsiktspunkt, kulturminne, osv.

Kjelde: *Veileder M-1292/2019 Plan for friluftslivets ferdselsårer*.

1.2 Mål for planen

Effekt mål

Planen skal bidra til:

1. Oppdatert kunnskapsgrunnlag om friluftslivets ferdselsårer i kommunen

Eit kunnskapsgrunnlag med oppdatert informasjon om friluftslivets ferdselsårer gjer at det vert lettare til å ta omsyn til friluftslivsinteresser i samband med byggesaker og arealplanlegging. Informasjon om ferdselsårene og bruken av desse vil også vera eit grunnlag til å peika strategiar og prioritera tiltak i arbeidet med friluftslivets ferdselsårer. Eit kunnskapsgrunnlag må foreslå tiltak for å sikra mykje brukte turstiar mot slitasje som følgje av høg bruksfrekvens og auka nedbørsmengd, og avdekka potensielle og reelle konflikter med t.d. beitedyr, skogbruk, hundehald og viktige naturverdiar og foreslå løysingar for dette.

2. Betre tilrettelegging og meir bruk av nærturar

Erfaring og forskning viser at folk er vesentleg meir aktive i friluftsliv dersom dei har tilgang til turstiar innan om lag 500 meter frå der dei bur. At folk går på tur i nærområdet framfor å køyra bil til turmål lengre unna er også bra for miljøet. Attraktive ferdselsårer og turmål gjer bustadområde meir attraktive og kan auka bulyst. Fleire universelt tilrettelagde ferdselsårer og friluftsområde bidrar til at alle kan koma seg ut på tur nærare der dei bur.

3. Betre tilrettelegging av turstiar og -veggar av regional verdi og interesse

Alver kommune har eit flott og variert turterreng med alt frå kystnære stiar med havet som næraste nabo til nærast urørte fjellområde med toppar opp mot 1000 meter. Ein del av desse er turar med kvalitetar som gjer at dei har regional verdi og interesse. Regional verdi vert her definert som at eit klårt fleirtal av brukarane ikkje bur i lokalområdet, men har køyreavstand til startpunktet for turen. I tillegg er det eit kriterium at turstiane har hatt svært høg bruksfrekvens over fleire år, altså ikkje berre som eit resultat av plassering av stolpar i Stolpejakten eller liknande. Dei turane som er vurderte til å ha regional interesse har per i dag ikkje så høg bruksfrekvens, men er turar med svært store natur- og/eller kulturkvalitetar. Betre tilrettelegging av desse turområda kan gjera dei til meir attraktive besøksmål for turistar, men òg for våre eigne innbyggjarar.

4. Betre marknadsføring av og kjennskap til friluftslivets ferdselsårer i kommunen

Betre marknadsføring er en nøkkel til å få folk ut på tur og til å gjera ferdselsårer kjend. Det er viktig at marknadsføringa er tilpassa tolegrensa for dei einskilde ferdselsårene og områda. Vakker natur og friluftslivområde er attraktivt for svært mange. Lett tilgjengeleg informasjon om turmoglegheiter og marknadsføring av friluftslivet kan også gjera kommunen meir synleg og bidra til ny busetting og rekruttering av tiltrengt arbeidskraft

5. Betre nettverk og godt samarbeid mellom aktørar som arbeider med friluftslivets ferdselsårer i kommunen

Det er mange aktørar som jobbar for å fremja friluftslivet i Alver kommune. Dette gjeld mellom anna i samband med planarbeid og sakshandsaming i kommunen, tildeling av tilskot til friluftslivsprosjekt, fysisk tilrettelegging av turstiar utført av frivillige organisasjonar og privatpersonar, og organiserte turar og friluftaktivitetar. Det er ynskjeleg å få etablert faste møtepunkt og betre informasjonsflyt mellom dei ulike aktørane.

Resultat mål

- Alle turstiar og -veggar innanfor ein radius frå 1 km i luftline frå alle offentlege grunnskular og alle turstiar som vert vurdert som regionalt viktige er kartlagde.

- Det er minst éin tursti innanfor ein radius på 500 meter frå alle kommune-, lokal- og nærssenter og alle skulestader i kommunen.
- Dei viktigaste stiane kring skulestader og regionalt viktige ferdselsårer har god tilrettelegging og jamleg vedlikehald.
- Det er informasjonstavler som viser alle aktuelle ferdselsårer sentralt plassert i alle senter og/eller ved grunnskulane i kommunen og ved startpunktet for alle regionalt viktige ferdselsårer.
- Dei viktigaste ferdselsårene er skilta og merka etter nasjonal standard.¹ For turar som ligg nær senter eller skular, startar skiltinga der.
- Det er tilrettelagde målpunkt som t.d. gapahukar, klatreløyper etc. i tilknytning til minst éi ferdselsåre ved alle skulestader.
- Det er attraktive og vedlikehaldne målpunkt på alle regionalt viktige turmål.
- Det er universelt utforma turveggar i tilknytning til kommunesenteret og alle lokalsentra i kommunen.
- Det er tilgjengelege og skilta parkeringsplassar for turgåarar i kommune-, nær- og lokalsenter, ved alle skulestader og ved startpunktet for regionalt viktige turområde.
- Innbyggjarar og besøkjande har tilgang på god og lett tilgjengeleg informasjon om dei kartlagde turstiane. Marknadsføring av dei einskilde turstiane er tilpassa graden av tilrettelegging. Ferdselsårer med regional verdi eller potensiale er marknadsført på ut.no og andre turportalar.

1.3 Avgrensing

Turstiar og andre ferdselsårer for friluftslivet finn ein nesten overalt i kommunen. Nokre er utan tilrettelegging og vert brukt sporadisk av nokre få, medan andre er tett på der folk bur og har høg bruksfrekvens, stor slitasje og høg grad av tilrettelegging. På bakgrunn av det store omfanget av ferdselsårer i kommunen har det vore naudsynt å gjera avgrensingar på kva ferdselsårer som skal kartleggjast i samband med planarbeidet og kva ferdselsårer planen skal omhandla.

Det er ynskjeleg å få med dei stiane og turvegane som har høgast bruksfrekvens og størst tilretteleggingsbehov. Planarbeidet har difor vore avgrensa til å omhandla stiar kring skulestader, og i tillegg turstiar med regional verdi eller potensiale.

Dei stadene skulane ligg er svært ulike. Nokre skular ligg i område med tett busetnad, medan andre skular ligg eit stykke unna sentrum eller i grisgrendte delar av kommunen med nokså låg befolkningstettleik. Som eit utgangspunkt er turstiar og turveggar med startpunkt innanfor ein radius på om lag éin kilometer i luftline frå skulane tatt med i kartlegginga, men det er i særskilte høve gjort lokale tilpassingar for å få med turstiar som er svært mykje nytta der startpunktet ligg rett over 1 kilometer frå skulen. Dette gjeld t.d. Kolåsfjellet på Lindås og Eidaåsen på Ostereidet. Stiar som er svært lite nytta og som har lite eller ingen tilrettelegging er ikkje tatt med jamvel om startpunktet er nærare skular enn 1 kilometer.

Det er både ynskjeleg og naudsynt med meir kunnskap også om ferdselsårer på vatn og på sjø. Desse ferdselsårene er likevel ikkje tatt med i denne planen då dette hadde vorte for omfattande. Det bør i staden lagast ein eigen plan for ferdselsårer til sjøs og på vatn. Det vil hausten 2022 vera mogleg å søkja Vestland fylkeskommune om tilskot til kartlegging av ro- og padleruter. Det er naturleg at ei slik kartlegging kan danna grunnlaget for ein plan for ro- og padleruter.

¹ Det er brei semje om at ein bør ha eit felles nasjonalt system for tilrettelegging og synleggjering av turruter, og at Merkehåndboka skal fylla denne funksjonen. Sjå <https://www.merkehandboka.no/>.

Ved å avgrensa kartlegginga til å omfatta alle turstiar og turvegar som startar 1 kilometer eller mindre frå skulane og ferdselsårer med regional verdi eller potensiale får ein kartlagd dei ferdselsårene med størst bruksfrekvens og størst tilretteleggingsbehov. Totalt bur kring 19 000 personar eller om lag 65 % av innbyggjarane i Alver kommune 500 meter eller mindre frå ein av desse ferdselsårene, medan nesten 25 000 personar eller kring 84 % bur mindre enn 1 km frå ein av dei kartlagde stiane.

Som ein del av arbeidet med grøn mobilitet i Alver kommune skal det utarbeidast ein gåstrategi. Fokus i gåstrategien er å leggja til rette for nærturar, snarvegar, og samanheng mellom bustadmiljø. I gåstrategien skal det mellom anna lagast ei oversikt over snarvegane som allereie finst i tettstadane og bygdene i kommunen. I tillegg skal ein undersøka om det er tiltak som kan gjerast for å få fleire til gå heller enn å ta bilen.

Gåstrategien og Plan for friluftslivets ferdselsårer handlar begge om å fremja og leggja til rette for ferdsel til fots, og avgrensinga mellom desse planane er såleis viktig. Plan for friluftslivets ferdselsårer skal leggja til rette for friluftsliv og rekreasjon, og omhandlar turstiar og ferdselsårer som har dette som viktigaste føremål. Difor er ikkje gangvegar, fortau, snarvegar i og mellom bustadområde med i denne planen. Desse temaa vert omhandla i gåstrategien.

1.4 Oppbygging av planen

Plan for friluftslivets ferdselsårer består av ein tekstdel (kapittel 1 og 2), status og behov for dei kartlagde ferdselsårene (kapittel 3), analyse av status sett opp mot resultatmåla (kapittel 4) og ein tiltaksdel (kapittel 5). I tiltaksdelen er planlagde tiltak knytt arbeidet med ferdselsårer generelt og større planlagde til for dei ulike stiane skildra.

Kart og liste over dei dei kartlagde ferdselsårene ligg ved planen.

Eit av tiltaka i handlingsdelen er at ein skal forsetja kartlegginga av friluftslivets ferdselsårer i resten av kommunen. Alle ferdselsårer og målpunkt vil verta lagt ut på <https://www.nordhordlandskart.no/apps/map/alverturogfriluft> etterkvart som dei er kartlagde. Ferdselsårene som er kartlagde i samband med planarbeidet er lagt ut.

1.5 Metode

Prosess

Planarbeidet har følgd Miljødirektoratet sin rettleiar *M-1292 2019 Plan for friluftslivets ferdselsårer*. I tråd med denne rettleiaren er prosessen gjennomført i fire steg:

1. Oppstart (forankring, prosjektplan og annonsering)
2. Kartlegging av no-status
3. Analysera og vurderer tiltak
4. Samanstilling og vedtak

Organisering

Planarbeidet har blitt gjennomført av ei tverrfagleg prosjektgruppe som har bestått av Bente Kopperdal Hervik (rådgjevar kultur, prosjektleiar), Anders Olav Dale (rådgjevar idrett), Alexander Helle (rådgjevar, plan og analyse), Kaia Marie Amland (rådgjevar, plan og analyse) og Laila Bjørge (avdelingsleiar landbruk).

Prosjekteigar er tenesteleiar kultur Eirik B. Utne medan Ørjan Raknes Forthun, Martin Kullid og Jarle Landås er administrativ styringsgruppe.

Kartlegging og registrering

Prosjektgruppa har gjennomført synfaringar i alle dei kartlagde områda. I tillegg har turbøker, turkart, turportalar som ut.no, lokale og nasjonale kartportalar (turrutedatabasen (TFR) og datasetta for traktorveg og skogsbilveg), Bergen og Hordaland turlag si kartlegging av universell tilgjengelegheit (ikkje publisert), Strava heatmap, barnetråkk, konsekvensanalysar, rapportar og kunnskapsgrunnlag som er utarbeida i samband med planarbeid vore nytta som kjelder. Alle stiar og turvegar med startpunkt innanfor om lag 1 km i luftline frå skulane som anten er registrerte turruter (TFR), skilta og merka eller mykje nytta er registrerte. I tillegg er målpunkt som er relevante for måloppnåing og for ferdselsårene registrerte.

Alver kommune har fått utvikla eit eige forvaltningssystem for turstiar i Nordhordlandskart som har vore nytta i kartlegginga. I dette forvaltningssystemet kan ein leggja inn alle turstiar, målpunkt (tilrettelegging), grunneigaravtalar, vedlikehaldsavtalar og foreslåtte/naudsynte tiltak på den einskilde sti. Frå dette forvaltningssystemet har me eksportert data til ISY Winmap, som har vore nytta i steg 3 (analyse og vurdering av tiltak).

Medverknad

Kartlegging av turstiar er gjort av arbeidsgruppa i samarbeid med og i dialog med lokalkjende personar. Etter at kartlegginga var gjennomført er kart over ferdselsårer og målpunkt sendt ut til skular og barnehagar innanfor dei kartlagde områda. I tillegg er lokalkjende personar innanfor kvart område kontakta og bedne om å kvalitetssikra kartlegginga.

Grunna koronarestriksjonar var det ikkje mogleg å samla ei referansegruppe i den perioden då det var aktuelt. I staden har prosjektgruppa hatt kontakt med ulike friluftsjorganisasjonar og ulike fagavdelingar i kommunen ved behov for innspel. Det er også gjennomført eit møte med styret i Nordhordland turlag .

Planen vart lagt ut på høyring av Utval for oppvekst, kunnskap og kultur i møte 31. mai 2022 med høyringsfrist 31. august.

1.6 Nasjonale, regionale og lokale føringar og kunnskapsgrunnlag

Stortingsmelding nr 18 (2015-2016): Friluftsliv. Natur som kilde til helse og livskvalitet

Gjennom *Stortingsmelding 18 (2015-2016): Friluftsliv. Natur som kilde til helse og livskvalitet* vil regjeringa bidra til at enda fleire driv med friluftsliv og får oppleve friluftsliv som en kilde til betre helse og høgare livskvalitet.

Stortingsmeldinga presenterer to overordna mål for friluftslivspolitikken:

1. Friluftslivet sin posisjon skal takast vare på og vidareutviklast gjennom allemannsretten, bevaring og tilrettelegging av viktige friluftslivsområde, og stimulering til auka friluftslivsaktivitet for alle.
2. Naturen skal i større grad brukast som læringsarena og aktivitetsområde for born.

Regjeringa sin Handlingsplan for friluftsliv

Som ei oppfølging av Stortingsmeldinga vedtok regjeringa i 2018 *Handlingsplan for friluftsliv. Natur som kilde til helse og livskvalitet* i 2018. Handlingsplanen konkretiserer og utfyller ei rekkje av tiltaka

og føringane i stortingsmeldinga. Handlingsplanen inneheld mange tiltak og føringar som skal styrka friluftslivsarbeidet. Eitt av desse tiltaka er prosjektet friluftslivets ferdselsårer.

Regional plan for kultur, idrett og friluftsliv i Vestland

Arbeidet med regional plan for kultur, idrett og friluftsliv i Vestland er i gang. Fram til denne er ferdig er det Regional kulturplan for Hordaland 2015-2025 som gjeld. Visjonen for fagområdet fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv i denne planen er «Aktiv Kvar Dag». Målet er at alle skal kunne vere aktive etter eigne ønskje og føresetnader på allment tilgjengelege område i naturen og i anlegg i nærleiken av der dei bur.

Planen har to overordna mål for friluftslivspolitikken:

1. Fleire skal delta i friluftsliv på jamn og varig basis, med særleg fokus på barn og ungdom.
2. Sikre og legge til rette fleire og betre anlegg for friluftsliv. Alle tettstader og byar skal ha maksimalt 500 meter til næraste turløype.

Samfunnsdelen i kommuneplanen for Alver kommune

Samfunnsdelen i kommuneplanen stakar ut retninga for utviklinga av kommunen, og dette skal følgjast opp med tiltak i kommunedelplanar og temaplanar. Kommuneplanen til Alver kommune er tufta på FN sine mål om berekraftig utvikling.

Samfunnsdelen i kommuneplanen har fire hovudmål. Eit av hovudmåla at Alver skal ha eit rikt og inkluderande kulturliv som er ei drivkraft i samfunnsutviklinga. Ei av målsetjingane under dette hovudmålet er at innbyggjarane og besøkande i Alver skal nytta naturen til fritid og rekreasjon. Samfunnsplanen seier at dette skal me oppnå ved å sikra sikre at innbyggjarar har tilgang til og kan bruka fjellet, skogen og sjøen og ved å leggja til rette for nærturar og aktivitetar der folk bur, og gi god informasjon om tilbodet. Friluftsliv er også relevant under fleire av dei andre hovudmåla – mellom anna for å skapa attraktive senter og lokalsamfunn og for reiselivet.

Målsetjingane i *Plan for friluftslivets ferdselsårer* er tufta på målsetjingane i samfunnsdelen i kommuneplanen.

Kommunedelplan for kultur, idrett og friluftsliv

Alver kommune har starta planprosessen for kommunedelplan for kultur, idrett og friluftsliv. Planprogrammet vart vedtatt 7. april. Planen skal følgja opp målsetjingane i samfunnsdelen innan kultur-, idrett- og friluftslivsfeltet.

2 Sti- og løypearbeidet i Alver kommune

2.1 Status

Både Radøy, Lindås og Meland kommunar hadde ei satsing på friluftsliv i dei siste åra før samanslåinga. Alle dei tre kommunane gjennomførte mellom anna ei kartlegging og verdisetjing av friluftslivsområde i kommunen. Kommunane var også aktive i turskiltprosjektet, der ein med midlar frå Gjensidigestiftelsen og i samarbeid med lag og organisasjonar merka, skilta og graderte turstiar over heile kommunen etter nasjonal standard. Det er også gjort ei rekkje andre tilretteleggingstiltak på stiar i kommunen. Arbeidet er i all hovudsak utført av frivillige, men kommunen har i ein del tilfelle bidratt med tilskot eller innkjøp av material.



Kløvheim bygdelag har gjort ein stor jobb med å merka og skilta turstiane i bygda etter nasjonal standard.

Framleis er det mange stiar som manglar god nok skilting og merking, som treng meir tilrettelegging både i form av klopper, gjerdeklyv og parkeringsmoglegheiter og der ein manglar avtalar med avtalar med grunneigarar og vedlikehaldsavtalar for stiane. Kommunen får også ein del tilbakemeldingar om at turmoglegheitene i kommunen ikkje er godt nok marknadsført.

2.2 Kommunen si rolle

Kommunen er eitt av dei organa som i friluftslova har fått tildelt oppgåver, ansvar og mynde, mellom til å regulera ferdsel eller forby ferdsel i visse område, gje uttale i tvilsspørsmål om allemannsretten og krevja fjerning av stengsel. Friluftslova pålegg også kommunane eit generelt ansvar for å fremja ålmenta sine friluftslivsinteresser og for å fremja friluftsføremål innan sitt område.

Kommunen har dialog og samarbeid med grunneigarar, tilretteleggjarar og turgåarar for å finna gode løysingar og unngå potensielle konflikter. Ofte kan t.d. omlegging av stiar, tilrettelegging av stiar med gjerdeklyver eller grunder eller skilting om dyr på beite bidra til gode løysingar for alle partar.

Friluftslova § 35 gjev kommunen heimel til å merka, varda, kloppa og iverksetta andre mindre tiltak for å letta ferdselen i utmark. Kommunen kan også gje organisasjonar som har som føremål å fremja reise- og/eller friluftsliv rett til å varda og merka bestemte ruter og turstiar i utmark. Sjølv om dette kan utførast utan løyve frå grunneigar, skal grunneigar og/eller brukar alltid varslast før tiltaket vert sett i verk. Før kommunen gjer vedtak etter § 35 skal det gjennomførast forhandlingar mellom grunneigar og tiltakshavar.

Oppgåva med å drifta stiar og løypenett er normalt ikkje ei oppgåve som kommunen gjer, men kommunen vil i mange tilfelle bidra med tilskot, rettleiing og koordinering mellom ulike aktørar. I heilt spesielle tilfelle kan kommunen gå inn å ta ansvar for opparbeiding, tilrettelegging og drift. Dette gjeld i Alver kommune stort sett berre for turveggar med grad av høg tilrettelegging.

2.3 Bergen og omland friluftsråd

Bergen og omland friluftsråd (BOF) er eit interkommunalt samarbeidsorgan med 12 deltakarkommunar i Bergensregionen, mellom anna Alver kommune. Friluftsrådet har mellom anna ansvar for å etablere nye friluftsområde, tilrettelegga og halda dei ved like slik at dei er tilgjengelege for ålmenta. Ferdelsårer som ligg innanfor dei områda BOF driftar vert i all hovudsak vedlikehaldne av dei.

2.4 Turlag og andre frivillige lag

Nordhordland turlag, som er lokallag av Den norske turistforening (DNT), og ei rekkje andre frivillige lag i kommunen har tatt på seg å etablere, vedlikehalda og drifta ei rekkje turstiar og andre friluftslivsrelaterte anlegg. Ein del av laga har forplikta seg til å ta på seg drift og vedlikehald gjennom ein vedlikehaldsavtale for einskilde stiar og turområde, men svært mange av stiane vert vedlikehaldne utan at det ligg føre formaliserte vedlikehaldsavtalar, og sporadisk ved behov. Ein del turstiar vert vedlikehalde av privatpersonar.



Stien frå Dyrkolbotn til Sjørdalsnuten er ein av stiane som er varda og merka av Nordhordland turlag, her representert ved Atle Bondevik. Foto: Ingunn Gjerde, Alver kommune

2.5 Grunneigarar

Som ein hovudregel er samtykke frå grunneigar er naudsynt i alle tilfella der aktivitetar fell utanfor allemannsretten, og grunneigarar er med det ein svært sentral aktør i planlegging, tilrettelegging og utvikling av sti- og løypenettet. Grunneigar må gje løyve dersom ein ynskjer tilrettelegga for ålmenta ved t.d. å byggja klopper eller bruer, setta opp gjerdeklyv, benkar eller turpostkassar eller hogga friske tre. Det er også naudsynt med løyve frå grunneigar dersom ein ynskjer å arrangera idrettsstemne eller andre aktivitetar med mange deltakarar og tilskodarar. Det er viktig at tiltakshavar går i dialog med grunneigar så tidleg som mogleg i alle prosessar der løyve frå grunneigar er naudsynt. Dette gjeld òg der det offentlege er grunneigar.

3 Status på eksisterande sti- og løypenett

Dette kapitlet gjer ei oversikt over alle turstiar, -løyper og vegar som er kartlagde i samband med planarbeidet. Kapittel 3.1 skildrar status og behov for tiltak på eksisterande turstiar, -løyper og -vegar med startpunkt innanfor ein radius på ein kilometer i luftline frå grunnskulane i kommunen. Nokre stader er det tatt med stiar som startar noko lenger frå skulen for å få med stiar som ligg i områda med høgast befolkningstettleik og bruksfrekvens. Stiar som er lite nytta er ikkje tatt med. I kapittel 3.2 er dei turstiane kommunen meiner har regional verdi og/eller potensiale skildra.

Alle ferdselsårer som er tatt med er ferdselsårer kommunen vurderer til å vera omfatta av allemannsretten. Det vil altså seia stiar og andre ferdselsårer i utmark, eller på stiar eller vegar som fører til utmark. Vurdering av kva som er utmark er gjort med utgangspunkt i *Gårdskart* (<https://gardskart.nibio.no/search>). Område der det ligg føre avtalar med grunneigar om tilrettelegging av turstiar er også tatt med jamvel om det er stiar som går over innmark. Offentlege turvegar er også tatt med. Gangvegar og snarvegar i tettstader er ikkje kartlagde, men vert omhandla i gåstrategien.

Feltet *Behov for tilrettelegging* skildrar kva som bør gjerast for å få standarden på dei einskilde ferdselsårene opp på ynskt nivå. Om tiltaka skal gjennomførast er ein avhengig av dialog med grunneigar, at nokon ynskjer å ta på seg arbeidet med tilrettelegging og vedlikehald og finansiering av tiltaket.

Merk at i oversikta nedanfor kan fleire ferdselsårer vera slått saman under eitt rutenamn dersom dei ligg innanfor same turområde. Nummera i parentes under rutenamn viser til nummer i den vedlagte oversikta over kartlagde stiar. I vedlegget er ferdselsårene delte opp, og det er tatt med meir detaljert informasjon om kvar ferdselsåre.

3.1 Ferdselsårer kring skulestader

Bøvågen (Hordabø skule)

Nærsenteret Bøvågen, med mellom anna barneskule, barnehage, butikk og fleire verksemder, ligg nord på Radøy. Det er fleire bustadfelt kring Bøvågen, men elles spreidd busetnad. Området er sjønært, og med flotte naturområde på mellom anna Bøneset. Området kring Bøvågen er særleg godt eigna for padling.

Gradering av stiar:

Grøn = enkel. Stort sett korte og enkle turar som passer for alle, utan krav til spesielle ferdigheiter eller utstyr.

Blå = middels. Turar som passar for dei med grunnleggande turferdigheiter og som er i normal fysisk form.

Raud = krevjande. Turar for erfarne turgåarar, med god kondisjon. Turar krev ofte gode tursko og anna turutstyr.

Svart = ekstra krevjande. Turar som passar for erfarne fjellfolk, med god fysikk og kondisjon. Godt turutstyr og god kunnskap om kart og kompass.

Kjelde: Merkehandboka (www.merkehandboka.no).

Området utover Bøneset ser ut til å vera svært lite nytta då det ikkje er synleg sti delar av turen. Dei fleste nærturar går i Bømarkane med utgangspunkt i Hordabø idrettspark, eller på asfaltert veg til Listveit og derifrå i retning mot Bømarkane. Mange går også langs fylkesvegen mot Fløholmen og vidare ut til friluftsområdet Byngja (sjå under turstiar med regional verdi/potensiale). Ingen av dei etablerte turstiane startar innanfor 500 meter frå nærsenteret.

Sjå kart 1.

| Rutenamn/gradering | Skildring | Eksisterande tilrettelegging | Behov for tiltak | Avtale med grunneigarar | Vedlikehald |
|--------------------------|---|--|---|---|---|
| Bømarkane (036,039, 309) | Skogsti med startpunkt og sluttspunkt på Hordabø idrettspark. Mange kombinerer turen med Listveit-Bømarkane får å få ein rundtur. Turen går då mykje på asfalt. | Parkering Klopper Skilting Merking Turpostkasse Turen Bømarka rundt er lagt ut i ut.no. | Treng fleire klopper på våte parti. Skulen ynskjer gapahuk i området. Ynskjeleg med ny forbindelse mellom Bø og Bømarkane. Restaurering av stiar etter skoghogst. | Skriftleg avtale med dei fleste grunneigarar. | Munnleg avtale med Hordabø IL. Radøy friluft har sett ut turpostkassen. |
| Listveit-Bømarkane (043) | Turen går delvis på skogsveg og delvis på sti. Turen vert gjerne kombinert med Bømarkane og vidare langs fv. 565 til Hordabø idrettspark og Bøvågen. | Ingen | Manglar skilting. Turen bør ikkje marknadsførast anna enn lokalt. | Nei | Nei |
| Bøneset (262) | Tur gjennom flott utmarksterreng med utsikt til sjøen heile vegen. Viktig beiteområde for villsau. | Ingen. Parkering ved Hordabø skule og Bø barnehage. | Tydeleg sti manglar delar av turen. Ein del våte område. Manglar skilting og merking. Om stien skal tilretteleggjast for meir bruk må det setjast opp skilt om dyr på beite og bandtvang. | Nei | Nei |

Austebygd

Austebygd er ein liten skulekrins på austsida av Radøy. Busetnaden ligg spreidd langs fv. 565, men med nokre mindre bustadfelt t.d. på Stølane og Renen. På Gjerde ligg Austbygd skule og Austebygd barnehage, medan Samfunnshuset Skogen Sletta og fotballbana ligg i utkanten av skulekrinsen langs Hellandsvegen.

Det er ei rekkje turstiar i bygda, og ikkje minst er stiane mot Lometjørna mykje nytta. Grunna bygging av ny fv. 565 vart fleire av stiane mot Lometjørna stengde frå august 2021. Ein del av dei vil verta lagt ned, medan den mest brukte traseen mot Lometjørna vert tilgjengeleg gjennom ein kulvert når vegen er ferdig.

Sjå kart 2.

| Rutenamn | Skildring | Tilrettelegging | Behov for tiltak | Avtale med grunneigarar | Vedlikehald |
|--|--|---|---|--|---|
| Lometjørna rundt (016, 054, 055, 274, 267, 342 + 44 når vegen opnar) | Skogstur med tilkomst frå Gjerde, Mellingen, Skogen Sletta, skytebana og Sætre. Grunna bygging av ny fv. 565 er det i dag berre tilkomst frå skytebana og Sætre. Stien vil få tilkomst frå Gjerde via kulvert når den er ferdigstilt, og vil då henga saman med området Gjerde-Hoklet-Mellingen-Skogen Sletta (sjå neste rad). | Parkering. Delvis skilta og merka. Benk på Storufsen og ved Lometjørna. Enkel gapahuk på Storufshøyen. Turpostkasse ved Lometjørna og Storufshøyen. | Skilting og merking. Klopper på våte parti. | Sætre-Lometjørna-Sætre: Skriftleg avtale med dei fleste grunneigarar. Sletta-Lometjørna: ikkje skriftlege avtalar. | Vedlikehaldsavtale med Sætre grendalag for turen frå Sætre og rundt Lometjørna. Andre materuter har ikkje formalisert vedlikehaldsavtale. |
| Gjerde-Hoklet-Mellingen-Skogen Sletta (045, 046, 051, 272) | Turen følgjer gamle skogsvegar vest for Vestevatnet. | Parkering ved skulen. | Manglar skilting og merking. Bør ikkje marknadsførast anna enn lokalt. | Nei. Munnleg avtale med nokre grunneigarar. | Nei |
| Lindåsen rundt (047) | Turen går på skogsveg/traktorveg heile vegen. Avstikkar til utsiktspunkt på Lindåsen. | Grusveg | Manglar skilting. Utsiktsrydding på Lindåsen. Bør ikkje marknadsførast anna enn | Nei | Nei |

| | | | | | |
|---------------|---|---------------------------|---|-----|-----|
| | | | lokalt då det manglar parkering. | | |
| Ørnetua (048) | Tur på skogsveg nesten heilt fram til Ørnetua. Sti dei siste metrane. | Grusveg. Benk på Ørnetua. | Ingen. Bør ikkje marknadsførast anna enn lokalt då det manglar parkering. | Nei | Nei |

Manger

Manger var tidlegare kommunesenter i Radøy kommune, og er i dag den største tettstaden på Radøy og lokalsenter i Alver kommune. Manger har barneskule, ungdomsskule, barnehage, folkehøgskule og ei rekkje kommunale tenester. Manger er nokså tett busett med fleire større bustadfelt.

Den grusa turvegen på Manger er truleg den turløypa som er mest nytta. I tillegg er ferdselsårene mot Skageneset og Nøttveitveten og Morkefjellet svært mykje nytta. Både Nesvatnet og sjøen er lett tilgjengeleg frå Manger, men det er ynskje om meir tilrettelegging for padlarar.

Sjå kart 3.

| Rutenamn | Skildring | Tilrettelegging | Behov for tiltak | Grunneigaravtalar | Vedlikehald |
|-----------------------|--|---|--|--|---|
| Mangerløypa (040) | Grusa turveg på Manger. | Parkering. Grusveg. Benkar. Toalett. Gapahuk. | Skilt og informasjonstavle. | Ja | Alver kommune |
| Skageneset (004, 341) | Turen følgjer graskledd markaveg (den gamle bygdevegen over Radøy) nesten til Birkelandsvågen og går deretter over på sti mot Skageneset og attende til Urhaugen. Mellom Manger og Birkeland er det i periodar storfe på beite. Tilkomst også frå Birkelandsvågen. | Gjerdeklyv. Klopper og bru. Delvis skilta. Benkar. Grillhytte og bade plass i Skageneset. | Skilt til turområdet frå Manger sentrum. Skilt på parkeringsplass. Fleire klopper på våte parti, og evt. andre tiltak for å gjera vegen tørrare. | Skriftleg avtale med dei fleste grunneigarane. | Tilsynsavtale med Skagenesets venner, men organisasjonen er ikkje aktiv. BOF har sett opp skilt og har ansvar for vedlikehald av friluftsområdet. |

| | | | | | |
|--|---|--|---|---|---------------------------------------|
| Solendfjellet- Nøttveitveten- Morkefjellet (007, 008, 026, 027, 028, 229, 260) | Området var i 2000 kåra til tusenårsstad i Radøy kommune på grunn av velhalde kulturlandskap. Tilkomst frå Solendfjellet, Nøttveit, Morken og Li. Flott utsikt det meste av turen. Beiteområde for sau og geit. Det er også mogleg å gå frå Kartveit, men her går mykje av stien over innmarksbeite utan at det ligg føre avtalar med grunneigar. | Nokre parkeringsplassar på Solendfjellet og Morken. Skilt. Gapahukar på Nøttveitveten og Morkefjellet. Turpostkassar på Nøttveitveten og Morkefjellet. | Utsiktsrydding på Nøttveitveten. Utbetring av sti mellom Solend og Solendfjellet bør vurderast. Skilt til turområdet frå Manger sentrum. Fleire skilt om beitedyr. Evt. avklaring av trasé frå Kartveit til Morkefjellet. | Skriftleg avtale med dei fleste grunneigarane. | Ingen. Manger IL har sett opp skilta. |
| Urlekleiva (259) | Alternativ trasé mellom Kyrhovden/Manger skule og stien til Skageneset. Undergang under vegen. Storfe på beite delar av året. | Gjerdeklyv | Rydding Skilting Steinar på våte område | Munnleg avtale om eksisterande tilrettelegging. | Ingen |

Austmarka (Sæbø skule)

Austmarka er ein tettstad på austsida av Radøy med bustadfelt på begge sider av FV. 565. I Austmarka er det barneskule, barnehage, fotballbane og eit lite butikksenter.

Det går ein grusveg for gåande og syklande mellom Austmarka og Sæbø, og denne er mykje nytta av turgåarar. Med utgangspunkt i denne grusvegen går det stiar nordover mot Staurevarden og Solheimsåsen og ein annan sti sørover mot Tjorehagen, Åsen (Storheim) og Storheimstemma. Herifrå kan ein gå vidare inn i det store turområdet der ein finn mellom anna Grønfjellet og Peprane. I tilknytning til Austmarka ligg også friluftsområdet og badeplassen Solheimsvika, som ein når ved å følgja ein bratt grusveg ned til sjøen.

Dei fleste stiane er i god stand, men manglar stort sett skilting, merking og treng ein del tilrettelegging.

Sjå kart 4.

| Rutenamn | Skildring | Tilrettelegging | Behov for tiltak | Grunneigaravtalar | Vedlikehald |
|-------------------------------------|--|--|---|--|--|
| Austmarka-Solheim (275) | Gangveg frå Austmarka til Solheim. | Grusveg Benk Lys | Skilting Fleire/nye benkar | Ja | Alver kommune |
| Staurevarden og Solheimsåsen (030) | Eit nettverk av turstiar i flott kulturlandskap. Sauer på beite store delar av området. Storfe på beite delar av året kring Solheimsåsen. | Parkering i Austmarka og på Solheim. Gjerdeklyv Informasjonstavler Benkar | Skilting Merking Skilt om beitedyr. Klopper på våte område. Skulen ynskjer gapahuk i området. | Nei | Ikkje formalisert, men privatpersonar vedlikeheld stien. |
| Austmarka-Storheimstemma (033, 034) | Skogssti frå Austmarka til Storheimstemma, med avstikkar til Tjorehagen. Vert gjerne kombinert med turen vidare sørover frå Storheimstemma mot Grønfjellet og Peprane. | Parkering i Austmarka. Delvis merka. Klopper. | Fleire klopper på våte område. Skilting og betre merking. | Skriftleg avtale med nokre av grunneigarane. | Ingen |
| Solheimsvika (029) | Grusveg ned til friluftsområdet i Solheimsvika. | Parkering. Grusveg. Toalett. | Ingen | Ja | BOF |

Alversund

Alversund er ein av dei største og tettast folkesette grunnskulekretsane i Alver kommune. Alversund skule ligg på Alver, ein liten gåtur frå dei store bustadfeltene på Alverflaten/Alvermarka og frå bustadfeltet på Hilland på Radøy. I Alvermarka ligg også Nordhordland kristne grunnskule og Trollskogen barnehage.

Det er fleire større næringsområde på begge sider av fv. 565 på Alverflaten. Næringsområda ligg på austsida av fv. 565 mellom bustadfeltene på Alverflaten og det store friluftsområdet kring Tveitavarden.

Området kring Tveitavarden er det mest nytta turområdet med eit nettverk av stiar. Turane kan forlengast mot Stegane og Indregardsfjellet ved Knarvik, eller mot Vassberget og Kvamsfjellet og Erstadfjellet. Det går ein grusveg gjennom Alver næringsområde og opp til Tveitarimmane. Utanom dette er stiane er lite tilrettelagte og berre unntaksvis skilta og merka.

Det er lagt til rette for å kunne etablera ein samanhengande «kyststi» frå Knarvik til Alversund. Arealet er sett av i kommunedelplan for Knarvik-Alversund med Alverstraumen 2019-2031.

Sjå kart 5.

| Rutenamn | Skildring | Tilrettelegging | Behov for tiltak | Grunneigaravtalar | Vedlikehald |
|--|--|--|--|------------------------------------|---|
| Alvermarka-Nedre Alver (063, 285) | Kort tur mellom Alvermarka og Nedre Alver. | Nokre klopper på våte område. | Skilting og merking. | Nei | Ingen |
| Alversund/Alvermarka/Ikenberget-Tveitavarden (058, 059, 060, 061, 062, 064, 065, 066, 067, 068, 069, 070, 071) | Nettverk av stiar mot Tveitavarden på austsida av fv. 565. Det er grusveg frå Alver industriområdet til Tveitarimmane. Elles er det stiar. | Nokre klopper på våte område Turpostkasse på Tveitavarden. Parkering ved Alversund skule | Merking. Skilting. Klopper på våte område. Gapahuk | Nei | Ingen |
| Hillandsvatnet rundt (271) | Tursti rundt Hillandsvatnet. Friluftsområde i nordenden av vatnet. | Nokre klopper på våte område. Badeplass med toalett i nordenden av vatnet. | Merking og skilting. Klopper på våte område. Turstien bør ikkje marknadsførast anna enn lokalt då den manglar parkering. | Nei. Kommunen eig friluftsområdet. | Ingen. BOF har ansvar for vedlikehald av friluftsområdet. |

Seim

Seim er ein mindre tettstad med barneskule, daglegvarebutikk og fleire verksemder. Det er bustadfelt i Risåsen bak skulen, og på begge sider av Hoplandsvågen. Elles er det for det meste spreidd busetnad i skulekrinsen.

Husfjellet ser ut til å vera det mest nytta turmålet i området, og i tillegg er turen rundt Seimsvatnet ein del nytta. Mange legg nok også turen til Seimsvarden, Krossane og Gladihaug som er omtala under turar med regional verdi/potensiale. Friluftsområdet Fisketangen, med fine turstiar og badeplass, ligg sentralt i bygda.

Sjå kart 6.

| Rutenamn | Skildring | Tilrettelegging | Behov for tiltak | Grunneigaravtalar | Vedlikehald |
|------------------------------------|---|--|--|---|---|
| Husfjellet (072, 073, 074, 136) | Turen startar ved Seim kyrkje og går delvis på sti og delvis på gamal markaveg. Frå Husfjellet det skogsveg til Totland. Det er mogleg å velja alternative vegar ned f.eks. på gamal sti ned att til Hopland. | Platting på toppen. Turpostkasse. Skogsveg frå Totland og nesten til toppen av Husfjellet. | Skilting og merking. Skilting om dyr på beite og bandtvang. Parkering. | Nei | Ingen |
| Seimsvatnet rundt (077) | Sti på austsida av Seimsvatnet. Om ein gjer turen til rundtur, går store delar av turen på asfaltert veg. | Ingen | Skilting | Nei | Ingen |
| Fisketangen (076, 137, 350) | Turveg og stiar gjennom det Statleg sikra friluftsområdet Fisketangen. Sti vidare på austsida av neset til Hoplandsvågen. | Parkering Gapahuk Toalett Bade plass | Skilting Merking | Alver kommune eig det meste av området. Manglar avtale for sti utanfor kommunen sin eigedom. | BOF har vedlikehaldsansvar for friluftsområdet, som kommunen eig. |

Lindås

Lindås er ein større tettstad og lokalsenter i nordlege del av kommunen. Her er barneskule, ungdomsskule, fleire barnehagar, butikkar og fleire kommunale tenester. Det er fleire bustadfelt på Lindås som ligg spreidd over eit større område på begge sider av FV57.

Det viktigaste turområdet på Lindås er området Vardefjellet-Steinfjellet-Kolåsfjellet som er svært godt tilrettelagt. Postvegen mellom Lindås og Haukås ser også ut til å vera ein del nytta. Mange går også på tur til Lyngfjellet og Haukåsskolten, gjerne i kombinasjon med postvegen.

Sjå kart 7.

| Rutenamn | Skildring | Tilrettelegging | Behov for tiltak | Grunneigaravtalar | Vedlikehald |
|--|---|---|--|--|---------------|
| Vardefjellet-Steinfjellet-Kolåsfjellet (014, 035, 042, 135, 302, 303, 345, 346, 347) | Turen startar ved parkeringsplass på Kolås og går på asfaltert og deretter grusa veg til Vardefjellet og eit stykke mot Kolåsfjellet. Oppe på fjellet er det ein rundtur med fleire flotte utsiktspunkt, og svært godt tilrettelagte stiar. Det er tilkomst også frå Fanebust og Sundsbø. | Parkering på Kolås. Grusveg delar av turen. Klopper og steinar på våte parti. Gapahuk. Dagsturhytte på Vardefjellet. Turbøker. Benkar. Personteljar på veg til Vardebu. | Skilting av rundtur. Informasjonstavle. Betre tilrettelegging av sti til Sundsbø og Fanebust. Avklaring av plassering av sti frå Vardefjellet og vestover. Klopper og steinar på våte parti. Ynskje om parkering på Sundsbø. | Skriftleg avtale med dei fleste grunneigarane. | Lindås turlag |
| Postvegen frå Lindås til Haukås (022, 023) | Turen følgjer den gamle postvegen frå slutten av 1700-talet. Turen vert gjerne kombinert med tur til Haukåsskolten og Lyngfjellet. | Parkering på Lindås | Skilting. | Ja | Ingen |
| Lyngfjellet-Haukåsskolten (263, 352) | Turen går delvis på grusveg og delvis på sti. Fin utsikt frå Haukåsskolten og Lyngfjellet. Storfe på beite delar av året. | Skilting. Turbok på Haukåsskolten. Evt. parkering ved Lindåshallen. | Klopper og steinar på våte parti. | Nei | Lindås turlag |

Myking

Myking er ein liten tettstad på austsida av Lindåshalvøya. På Myking er det barneskule og butikk. Næraste barnehage er på Natås, 6 km frå Myking.

Det ser særleg ut til å vera stiane i Mykingskogen som er mest nytta, i tillegg til turen til Hodnekletten som startar kring 1,3 kilometer frå Myking.

Sjå kart 8.

| Rutenamn | Skildring | Tilrettelegging | Behov for tiltak | Grunneigaravtalar | Vedlikehald |
|---|---|---|---|-------------------|---|
| Mykingskogen (188, 189, 331, 332) | Rundtur gjennom Mykingskogen. Fleire alternative stiar. Tilkomst mellom anna frå Myking, Mykinghaugene, ballbingen, Hodnekvam og Sletten. | Hovudrunden (188, 189) er skilta og merka, men ikkje etter nasjonal standard. Benk ved Stokkhølen. Benk og turpostkasse ved Lauvålskaret. Bru over elv. | Skilting. Merking. Klopper på våte parti. Trappene på 331 er i svært dårleg stand og bør ikkje marknadsførast. | Nei | Myking grendalag har gjort ein del tilrettelegging. |
| Hodnekletten (080, 184, 185) | Lokal topp på 219 meter. Mogleg å gå frå sti ved Hodno 68, Hodno eller Hodnekvam. Kan kombinerast med tur rundt Austavatnet eller Mykingskogen. Stien som startar ved Hodno 68 er lite nytta. | Delvis merka, men ikkje etter nasjonal standard. Turpostkasse på Hodnekletten. | Skilting Merking Stien som startar ved Hodno 68 er svært tilgrodd. Klopper på våte parti. Turen frå Hodno bør ikkje marknadsførast anna en lokalt då det manglar parkeringsplass. | Nei | Nei |
| Gamlevegen Myking-Skauge (082, 190, 191) | Traseen følgjer gamlevegen frå Myking til Skauge. Fleire tilførselsveggar/-stiar frå Myking, Sletten og Skauge. | Benk Turpostkasse Skilting | Utbetring av våte parti på gamlevegen og på stien gjennom Lauvålen. | Nei | Nei |
| Myking-Vedlo | Sti frå Myking til minnesteinen for Jo på Vedlo, som skal ha vore Karl XII sin banemann. | Ingen | Skilt. Klopper eller liknande kan vurderast, men terrenget er bratt. Omlegging av sti ved hytte. | Nei | Nei |

Kløvheim

Kløvheim er ein liten tettstad med barneskule, barnehage og matbutikk. Folk bur stort sett spreidd, men det er nokre mindre bustadfelt i området kring Kløve.

Det er mange godt tilrettelagte stiar og turmål i området. Turen til Fløyen, over Fammestadåsen og den såkalla «Ullastien» som går frå Kløvheim forbi Stemma og til Nyheim. Det er skilta turar vidare i retning mot Selivarden og Baståsen for dei som ynskjer å gå lengre turar. Det er informasjonstavle mellom anna ved Trekanten aktivitetspark som viser alle tilrettelagte turstiar i området.

Sjå kart 9 og 10.

| Rutenamn | Skildring | Tilrettelegging | Behov for tiltak | Grunneigaravtalar | Vedlikehald |
|--------------------------|---|---|------------------|---|-------------------|
| Fløyen/Haugsåsen (194) | Rundtur med utgangspunkt ved Kløvheim skule. Utsiktspunkt på Fløyen. | Parkering ved Kløvheim skule. Merking. Skilting. Klopper. Benk på Fløyen. Turpostkasse på Fløyen. | Ingen | Kløvheim bygdelag har munnlege avtalar med råka grunneigarar. | Kløvheim bygdelag |
| Fammestadåsen (198, 320) | Sti frå Kløve via Fammestadåsen til Nyheim. Kan kombinerast med «Ullastien». | Parkering ved Kløvheim skule. Merking. Skilting. Klopper. Benk. | Ingen | Kløvheim bygdelag har munnlege avtalar med råka grunneigarar. | Kløvheim bygdelag |
| «Ullastien» (197, 288) | Tur frå Kløve via Stemma til Nyheim. Tilkomst også frå Olderhaugen via Skråfossen. Kan kombinerast med turen over Fammestadåsen eller ein kan gå vidare til Baståsen om ein ynskjer ein lengre tur. | Parkering ved Kløvheim skule. Merking. Skilting. Klopper/bruer. Benkar. | Ingen | Kløvheim bygdelag har munnlege avtalar med råka grunneigarar. | Kløvheim bygdelag |

| | | | | | |
|--|---|---|-------------------------------------|---|---------------------------|
| <p>Kløyvheim-Øvre Tveito-Dyråsen- Selivarden/Selifjell et (209, 314)</p> | <p>Tur frå Kløyvheim via Øvre Tveito til Dyråsen. Turen kan forlengast ved å gå vidare mot Selivarden.</p> | <p>Parkering ved Kløyvheim skule. Turpostkasse på Dyråsen. Merking. Skilting. Klopper.</p> | <p>Ingen</p> | <p>Kløyvheim bygdelag har munnlege avtalar med råka grunneigarar.</p> | <p>Kløyvheim bygdelag</p> |
| <p>Selivarden (195, 196, 318)</p> | <p>Kring 5 km lang tur frå Kløyvheim skule til Selivarden (éin veg) med fleire alternative trasear. Undervegs kan ein ta avstikkarar til utsiktspunkta på Lialoftet og Reikeråsloftet. Turen frå Fjellsbø til Selivarden er tatt med under turar med regional verdi/potensiale.</p> | <p>Parkering ved Kløyvheim skule. Merking Skilting Turpostkasse på Selivarden og Lialoftet.</p> | <p>Klopper på nokre våte parti.</p> | <p>Kløyvheim bygdelag har munnlege avtalar med råka grunneigarar.</p> | <p>Kløyvheim bygdelag</p> |
| <p>Baståsen (207, 208, 214, 317, 323)</p> | <p>Kring 3,5 kilometer lang tur (éin veg) frå Kløyvheim til Baståsen. Alternativ trasé på vestsida av Oksavatnet. Avstikkarar til utsiktspunkt og den tidlegare husmannsplassen Dordiplass. Tilkomst også frå Svindal.</p> | <p>Parkering ved Kløyvheim skule. Merking. Skilting. Turpostkasse på Baståsen og på eit utsiktspunkt undervegs. Fleire benkar på utsiktspunkt langs stien. Enkel gapahuk på Baståsen.</p> | <p>Klopper på nokre våte parti.</p> | <p>Kløyvheim bygdelag har munnlege avtalar med råka grunneigarar.</p> | <p>Kløyvheim bygdelag</p> |

Ostereidet

Ostereidet er ein tettstad og lokalsenter i søraustre delen av kommunen. Her er barneskule, barnehage, butikkar og fleire kommunale tenester.

Turstiane kring Ostereidet er lite tilrettelagte. Den mest sentrumsnære turen, til Hovåsen, ser ut til å vera lite nytta og det som finst av tilrettelegging ser ut til å vera ein del år gamal. Den mest nytta turen ser ut til å vera den som går til Eidaåsen og Totlandsfjellet. Elles går mange langs vegen til Bjørsvik og gjerne vidare opp mot Storset. Turen til Husdalsfjellet er mykje nytta, men denne ligg utanfor det området som er kartlagt her, men er tatt med under turar med regional verdi. Det går ein sti langs sjøen frå Ostereidet til Bjørsvik, men også denne ser ut til relativt lite nytta.

Sjå kart 11.

| Rutenamn | Skildring/gradering | Tilrettelegging | Behov for tiltak | Grunneigaravtalar | Vedlikehald |
|---|--|---|--|-------------------|-------------|
| Hovåsen, Eikhovden (086, 087, 088, 187, 223, 276, 277, 278) | Det går skogsveg frå vestsida av Ostereidet skule. Etterkvart går ein over på sti. Stien ser ut til å vera lite nytta, og det er svært høgt gras og ujamn sti mange stader. Frå Håvåsen går det sti vidare i søraustleg retning. Stien her ser ut til å vera meir nytta og i lettare å følgja. | Parkering ved Ostereidet skule Skulen har enkel gapahuk på Eikhovden | Skjøtsel Merking Skilting Klopper på våte parti | Nei | Ingen |
| Eidaåsen-Totlandsåsen (089, 199, 200) | Turområde vest for E39 med mot Eidaåsen og Totlandsfjellet. Stiar frå Ytre Eide, Askvik og Eknes. Det er også mogleg å gå frå Bjørndal, Vassel og Bjørge. | Noko merking. Ungang under E39 på Askvik. Turpostkasse | Merking Skilting Klopper på våte område | Nei | Ingen |
| Langs sjøen mellom Ostereidet og Bjørsvik (090, 296) | Stien går langs sjøen frå Ostereidet til Bjørsvik. Sti også frå bustadfeltet Dyrhovden. | Ingen | Merking Skilting | Nei | Ingen |

Eikanger

Eikanger er ein liten tettstad som ligg ved Osterfjorden. Det er barnehage på Eikanger og fleire verksemder. Det er nokre mindre bustadfelt mellom anna langs Eikangervågen, men elles er busetnaden i skulekrinsen spreidd.

Området mellom Eikanger og Baståsen ser ut til å vera det desidert mest brukte turområdet. Her er eit nettverk av stiar med ulik grad av tilrettelegging. Også turruta rundt Torrvatnet ser ut til å vera ein del nytta.

Sjå kart 10.

| Rutenamn | Skildring | Tilrettelegging | Behov for tiltak | Grunneigaravtalar | Vedlikehald |
|--|--|---|--|---|---|
| Eikanger-Baståsen (091, 092, 093, 094, 097, 324, 325, 326) | Nettverk av stiar mellom Eikanger og Baståsen. Området er det mest nytta turområdet på Eikanger. | Ein del av stiane er skilta. Klopper. Enkel gapahuk på Baståsen. Turbok på Baståsen. | Klopper på våte område Benk t.d. ved Arivatnet. Skilt og informasjonstavle. Ynskje om oversiktstavle på Baståsen. | Delvis | Eikanger bygdelag utfører vedlikehald på stien. |
| Torrvatnet rundt (095) | Runde rundt Torrvatnet. Rundturen går delvis på sti og delvis på veg. | Skilting. | Klopper på våte parti | Munnleg avtale med fleire grunneigarar. | Privatpersonar utfører ein del vedlikehald av stien. |
| Husmannsplassen i Vikja, Eidsnes (096, 174, 175, 176) | Rundtur om husmannsplassen i Vikja. | Gjerdeklyv. Benk Klatrepark | Skilting Merking | Ja | Ikkje formalisert avtale, men privatpersonar vedlikeheld stien. |
| Eikanger-Fylingsnes (328, 329) | Sti mellom nedre Eikanger og Våge karosseri og rundtur rundt Fylingsnestjørna. Området er relativt lite nytta som turområde. | Klopper | Skilting Merking | Nei | Nei. Privatpersonar har tilrettelagt stien med klopper. |
| Nedre Eikanger-Botnen | Gamal ferdselsveg mellom Nedre Eikanger | Ingen | Skilting Merking | Nei | Nei |

| | | | | | |
|-------|--|--|--|--|--|
| (327) | og Botnen. Kan gjerast til rundtur ved å gå på andre sida av Tungevadåsen attende. | | | | |
|-------|--|--|--|--|--|

Leiknes

Leiknes er ein tettstad med skule og barnehage og fleire større bustadfelt.

I området mellom Leknes og Hillesvåg er det eit nettverk av turstiar, men med relativt liten grad av tilrettelegging. Mange stiar leiar også opp til Hodnesdalsvegen, og derifrå kan ein velja blant fleire stiar som går opp mot Hopsdal og Krossane. Turområde Hopsdal-Gladihaug-Krossane vert omtala under regionale turar.

Sjå kart 12.

| Rutenamn | Skildring | Tilrettelegging | Behov for tiltak | Grunneigaravtalar | Vedlikehald |
|---|--|--|--|-------------------|---|
| Leiknes-Myråsen-Midgardsåsen-Leiknes (201, 202) | Turen startar på Leiknes og over Storåsen, og vidare i undergang under E39. Derifrå er dette ein rundtur over Myråsen og attende langs Lekneselva. Tilkomst til rundturen også frå Kleivdalsvegen. | Trapp/klopper Turpostkasse på Myråsen | Klopper på våte stader | Nei | Bygdelaget 5915 har ansvar for turpostkassen. |
| Storneset (269, 333) | Fleire stiar over Storneset. Mykje nytta av skulen og barnehagen. Fleire fine avstikkarar til utsiktspunkt og ned til sjøen. | Benk aust på Storneset. Klopp over elv. | Klopper over våte område. Benkar på utsiktspunkt. | Nei | Ingen |
| Leknes-Midtgard-Hopsdal (Hodnesdalsvegen) (205) | Det er fleire traséar frå Leknes til Midtgard, der nokre av dei går over dyrka mark. Fleire | Ingen | Skilting og merking. | Nei | Ingen |

| | | | | | |
|--|---|--|--|--|--|
| | stiar/skogsveggar vidare mot Hopsdal og Krossane. | | | | |
|--|---|--|--|--|--|

Knarvik

Knarvik er kommunesenter og den største tettstaden i kommunen. Her er barneskule, ungdomsskule, vidaregåande skule og ei rekkje kommunale tenester. Knarvik senter ligg sentralt i Knarvik med fleire store bustadområde rundt.

I Knarvik ligg to turveggar – «Brekkeløypa» og turvegen rundt Kvassnesstemma - med høg grad av tilgjengelegheit.

Det store turområdet nord for Knarvik er svært mykje nytta. Her finn eit nettverk av stiar der mange fører anten til Gamleskulen eller Stegane. Det er mogleg å gå vidare til Isdal, Åse eller Gjervik. Frå Stegane er det også mogleg å følgja skilta tursti til Gladihaug og Krossane, men stien er lite nytta og det er tett vegetasjon langs stien på delar av turen. Dei fleste som går frå Knarvik mot dette området følgjer gamlevegen inn til Mundalstunellen og går derifrå til Gladihaug.

Det er planar om å byggja ein samanhengande kyststi frå Knarvik til Alversund. Arealet er sett av i kommunedelplan for Knarvik-Alversund med Alverstraumen 2019-2031.

Sjå kart 5.

| Rutenamn | Skildring | Tilrettelegging | Behov for tiltak | Grunneigaravtalar | Vedlikehald |
|-----------------------------------|---|--------------------------------|--|-------------------|---------------------|
| Brekkeløypa (138, 139) | Rundtur rundt Lonene. Grusveg heile vegen. Bortsett frå eit par punkt er vegen innanfor krava til tilrettelegging for rullestol. Svært høg bruksfrekvens. | Grusveg Parkering Benkar | Utbetring av punkt for å gjera at turen er innanfor krava til tilrettelegging for rullestol, jf. Bergen og Hordaland turlag si kartlegging av universell utforming i friluftslivsområde. | Ja | Brekkeløypas venner |
| Kvassnesstemma (053, 281, 282) | Rundtur på grusveg rundt Kvassnesstemma. | Grusveg | Skilting Tiltak for å gje turvegen høgare grad av tilgjengelegheit, jf. Bergen og Hordaland | Ja | Alver kommune |

| | | | | | |
|---|---|------------------------------|--|---|-------------------------------------|
| | | | turlag si kartlegging av universell utforming i friluftslivsområde.. | | |
| Lonena, Gamleskulen, Indregårdsfjellet, Stegane, Isdal (140, 141, 142, 143, 144, 145, 146, 147, 148, 149, 152, 280, 321, 322) | Nettverk av turstiar mellom Knarvik, Isdal, Åse og Gjervik. | Skilta Klopper på våte parti | Merking. Sherpatrapp opp Viddalsskaret bør vurderast. Ein eller fleire Stiar mot Åse og Isdal må koplast betre saman med resten av turstiane i området. Gapahuk. Bør vurderast å byggja fleire for å kunna ta i mot fleire skuleklassar eller barnehagar samstundes. | Munnlege avtalar mellom grunneigarar og Knarvik IL. | Knarvik IL har tilrettelagt stiane. |

Moldekleiv (Grasdal skule)

Området Grasdal/Moldekleiv er ein tettstad på austsida av Holsnøy. Her er det barneskule og barnehage, men ikkje nokon butikkar eller kommunale tenester.

Det viktigaste turmålet er stiane mot Moldkleivfjellet, Krossfjellet og Nordnipa. Turen frå Sagstad til Krossfjellet, altså frå andre sida av fjellet, er tatt med blant regionalt viktige turar. Elles er turen mellom Skarpeneset og Fureskjegget ein del nytta.

Skulen ynskjer at det vert etablert sti rundt Grasdalstjørna.

Sjå kart 13.

| Rutenamn | Skildring | Tilrettelegging | Behov for tiltak | Grunneigaravtalar | Ansvar |
|--|--|-------------------------------|--|---|--------|
| Krossfjellet, Nordnipa/Sørnipa og Meland | Nettverk av stiar vest for Moldekleiv. Stiar til Nordnipa/Sørnipa og | Turpostkasse på Krossfjellet. | Parkering (lagt inn i reguleringsplanen for fv245 Fosse-Moldekleiv). | Det er gjort munnlege avtalar med alle råka | Ingen |

| | | | | | |
|--|--|-------------------------|---|---|-------|
| (111, 112, 113, 279) | Krossfjellet. Sti også til Meland kyrkje. | Klopper på våte område. | Klopper på våte parti. Skilting og merking. | grunneigarar. Nokre skriftlege avtalar. | |
| Skarpeneset-Espetveit-Fureskjegget (114, 264, 337) | Sti frå Skarpeneset til Fureskjegget. Vert også nytta som tilkomst til hytteeigedomar. | Ingen | Treng klopper på våte parti. Skilting og merking. | Nei | Ingen |
| Drageneset-Grasdalsjøen (265) | Sti mellom bustadfeltet i Drageneset og Grasdalsjøen. | Ingen | | Nei | Ingen |

Frekhaug/Sagstad

Frekhaug var kommunesenter i tidlegare Meland kommune, og er utanom Knarvik den største tettstaden og lokalsenter i Alver kommune. Her er senter med fleire butikkar, offentlege kontor og kommunale tenester. Barneskulen ligg på Sagstad, om lag éin kilometer frå Frekhaug, medan ungdomsskulen ligg på Frekhaug. På Frekhaug ligg også den private skulen Danielsen ungdomsskule og Nordhordland folkehøgskule. Området Frekhaug/Sagstad vert her handsama under eitt.

Dei viktigaste større turområda kring Frekhaug er området kring Furefjellet, området mellom Rosslandsvegen og Sagstadvegen og området kring Storeknappen. Det er eit nettverk av stiar i desse områda, med varierende grad av tilrettelegging. Mange går også på tur til Krossfjellet, som ligg utanfor det området som vert undersøkt her, men som er handsama under regionale turmål.

Det har vore gjennomført skoghogst på Storeknappen som gjer at fleire av stiane er vekke, og på toppen gjer vegetasjon at utsikta er i ferd med å forsvinna. For Furefjellet og området kring er det reguleringsplan under utarbeiding, og turområdet vil truleg verta redusert i storleik. Varnappen og Elvavika/Haltejohansvika er viktige statleg sikra friluftsområde som er mykje nytta. Desse vert drifta av Bergen og omland friluftsråd.

Sjå kart 13.

| Rutenamn | Skildring | Tilrettelegging | Behov for tiltak | Grunneigaravtalar | Vedlikehald |
|-------------------------------------|---|-----------------------------------|------------------|-------------------|-------------|
| Elvavika-Haltejohansvika (129, 130) | Området Elvavika-Haltejohansvika er eit svært mykje nytta | Grusvegar Gapahuk Badeplass | Parkering | Ja | BOF |

| | | | | | |
|--|--|--|---|---|--|
| | statleg sikra friluftsområde. | Toalett | | | |
| Langs Mjåtveitelva (128, 131) | Sti langs Mjåtveitelva til Elvavika | Skilting Klopper | Ein del våte område. | Munnleg avtala med grunneigar. | Nordhordland folkehøgskule har utført ein del tilrettelegging i området. |
| Varnappen (218, 219) | Varnappen er eit svært viktig friluftsområde. Det går grusveggar gjennom området. Delar av området er statleg sikra. | Grusveggar Parkering Bade plass Frisbee-golfbane Toalett | Ingen | Delvis | BOF |
| Storeknappen (121, 122, 124, 125, 126, 127, 134) | Nettverk av turstiar som fører til utsiktspunktet Storeknappen. Grunna skoghogst kan fleire av stiane vera vanskeleg å følgja. | Benk på Litleknappen. Turpostkasse. Delvis merka. | Merking Skilting Utsiktsrydding | Det vart gjort munnlege avklaringar med grunneigarar i samband med tidlegare tilrettelegging. | Kvernbit orientering har gjort ein del tilretteleggingstiltak i området. |
| Mjåtveit (område mellom Rosslandsvegen og Sagstadvegen) (161, 162, 163, 210) | Nettverk av stiar og landbruksveggar i området mellom Rosslandsvegen og Sagstadvegen. Dyr på beite. | Parkering ved Fossemyra eller Frekhaug senter | Merking Skilting Skilting om dyr på beite | Nei | Ingen |
| Furefjellet (133) | Rundtur Mjåtveit-Furefjellet-Mjåtveitstø. | Skilting Turpostkasse | Merking | Munnleg avtale med grunneigar. | Ingen |
| Kyststien Galteneset-Dalstø-Dalemarka) (132, 220, 221, 222, 335) | Den såkalla kyststien går frå Frekhaug til Holme (For Dalemarka-Holme, sjå under Holme (Vestbygd | Skilting | Merking. Vedlikehald. Klopper på våte område. | Avtalar med ein del grunneigarar. | Ingen |

| | | | | | |
|--|---|--|--|--|--|
| | skule). Ein del strekningar er mykje nytta, andre langt mindre. | | | | |
|--|---|--|--|--|--|

Holme (Vestbygd skule)

Holme er ein relativt stor tettstad i Alver kommune. Tettstaden har barneskule og barnehage, og nokre få butikkar. Det er stort sett samanhengande busetnad frå Holmemarka til Orrhøyen på sørsida av fv. 564. Elles spreidd busetnad.

Dei viktigaste turmåla er Orrsåta, Hoplandsfjellet og Hjartåsfjellet frå Holme. Turane til Orrsåta og Hoplandsfjellet berre i liten grad tilrettelagte. Turen til Hjartåsfjellet frå Holme er lite tilrettelagt, medan stien frå Hjartåsfjellet mot Hjartås og mot Ramusfjellet er svært godt tilrettelagt.

Sjå kart 14.

| Rutenamn | Skildring/gradering | Tilrettelegging | Behov for tiltak | Grunneigaravtalar | Vedlikehald |
|--|---|---|--|---|--|
| Orrsåta (098) | Sti frå Holmemarka mot Orrsåta, som er eit fint utsiktspunkt. Stien går gjennom variert skogsterreng. | Skilting Turpostkasse | Merking. Fleire skilt. Klopper på våte område. | Munnleg avtale med fleire grunneigarar. | Ingen |
| Hoplandsfjellet (119, 154) | Rundtur til utsiktspunktet på Hoplandsfjellet. Mykje nytta av skulen og barnehagen. Delar av området er beite for storfe. | | Skilting. Merking. Klopper på våte område. | Ingen | Ingen |
| Holme-Hjartåsfjellet-Hjartås (099, 115, 116, 117, 118, 270, 286) | Turområde vest for Melandsvegen og nord for Rosslandsvegen. Stiane i området går over Slettåsen, | Skilting. Benk på Slettåsen. Elles lite tilrettelegging mellom Holme og Hjartåsfjellet. | Klopper på våte område. Gapahuk. | Hjertåsfjellets venner har skriftleg avtale med dei fleste grunneigarane. | Hjertåsfjellets venner tar ansvar for stiane frå Hjartås til Hjertåsfjellet. |

| | | | | | |
|--|---|--|---|----------------------------------|-------|
| | Hjartåsfjellet og Ramusfjellet. Tilkomst frå Holme, Hjartås og Brakstad. På Hjartås er det laga ein runde frå Frank Mohn gjennom skogen til foten av Rasmusfjellet. | Turbok på Hjartåsfjellet. Området Hjartås, Hjartåsfjellet, Ramusfjellet er svært godt tilrettelagt med m.a. klopper, benkar etc. | | Munnleg avtale med éin. | |
| Holmemarka-Holmeknappen (164) | Strekning av den såkalla Kyststien som går frå Holmeknappen til Frekhaug. | Ingen | Vedlikehald | Munnleg avtale med grunneigarar. | Ingen |
| Kyststien Holmemarka-Dalemarka (166 + 098) | Strekning av den såkalla Kyststien som går frå Holmeknappen til Frekhaug. Denne delen av kyststien ser ut til å vera lite nytta. | Skilting | Merking Klopper på våte område Skjøtsel | Munnleg avtale med grunneigarar. | Ingen |

Vikebø (Rossland skule)

Vikebø er ein tettstad nord på Holsnøy, og nærsenter i Alver kommune. Det er fleire mindre bustadfelt i området, men elles spreidd busetnad.

Skintveitmarka er eit godt tilrettelagt turområde med eit nettverk av stiar ser ut til å vera det viktigaste turområdet. Området kring Vikebø er også eit eldorado for padling med Rylandsvassdraget og sjøen tett på. Mange går også på tur til Eldsfjellet, som er omhandla under ferdselsårer med regional verdi.

Sjå kart 15.

| Rutenamn | Skildring | Tilrettelegging | Behov for tiltak | Grunneigaravtalar | Vedlikehald |
|--|--|--|------------------|-------------------|-------------|
| Skintveitmarka (101, 102, 103, 104, 105, 106, 107, 108, 109) | Nettverk av turstiar i utmarka til Skintveit, Vikebø og Åsebø. Fin utsikt frå Skintveitåsen. | Skilting Klopper på våte område Benkar | Ingen | Ja | Ja |

| | | | | | |
|-----------------------------|---|-------------------------------------|--|--|---|
| Eikelandsvatnet rundt (153) | Tursti rundt Eikelandsvatnet | Skilting | Etablere sti på sørsida av vatnet. Fleire skilt. | Munnleg avklaring med fleire grunneigarar. | Ja |
| Lunden (343, 344) | Markaveg og sti inn til det statleg sikra friluftsområdet Lunden. | Skilt inn til området, elles ingen. | Skilt Etablere sti til sjø Parkering Klopper eller liknande på våte område. | Friluftsområdet er statleg sikra. | Bergen og omland friluftsråd har ansvar for friluftområdet. |

3.2 Ferdselsårer med regional verdi/potensiale

Turstiane og turvegane som er lista opp nedanfor ligg utanfor skulestadene og vert vurderte til å ha regional verdi eller potensiale. Regional verdi vert her definert som at eit klårt fleirtal av brukarane ikkje bur i lokalområdet, men har køyreavstand til startpunktet for turen. I tillegg er det eit kriterium at turstiane har hatt svært høg bruksfrekvens over fleire år, altså ikkje berre som eit resultat av plassering av stolpar i Stolpejakten eller liknande. Dei turane som er vurderte til å ha regional interesse har per i dag ikkje så høg bruksfrekvens, men er turar med svært store natur- og/eller kulturkvalitetar. Med betre tilrettelegging og marknadsføring har desse turane potensiale for å verta attraktive besøksmål både for tilreisande og våre eigne innbyggjarar.

| Rutenamn / gradering | Kart | Skildring, attraksjonar og kvalitetar | Tilrettelegging | Behov for tiltak | Grunneigaravtalar | Vedlikehald |
|------------------------|------|--|----------------------------------|---|---|---|
| Marøy (010) | 1 | Enkel tur frå parkeringsplassen og ut til Knappen, der det er restar av eit tysk krigsfort frå andre verdskrig. Undervegs passerer ein også fleire gravhaugar. Flott kulturlandskap med aktiv beiting. Turen kan kombinerast med tur til Eldneset. | Parkeringsplass Gjerdeklyv | Informasjonstavle på parkeringsplass Skilting Informasjonsskilt om andre verdskrig i Knappen Digital formidling bør vurderast Skilting om dyr på beite. | Skriftleg avtale med dei fleste grunneigarane | Marøy grendalag har gjort ein del tilrettelegging i området. Alver kommune eig parkeringsplassen. |
| Byngja (037, 348, 349) | 1 | Statleg sikra friluftsområde med langgrunn badeplass og dagsturhytte. Området er | Parkering Skilting Toalett | Universell tilkomst Informasjonstavle | Ja | Alver kommune vedlikeheld sti og dagsturhytte. BOF |

| | | | | | | |
|--|---|--|---|---|----|---|
| | | kystlyngheier, og flotte svaberg mot Helleosen. Universell tilkomst til dagsturhytta er under arbeid. | Dagsturhytte Benk | Vurdera hengekøystativ Ei badstue kan løfta attraktiviteten til området endå meir. | | har ansvar for resten av friluftsområdet. |
| Steinalderstiane på Straume (167, 168) | 1 | Området kring Fosnstraumen er blant dei områda i landet med flest lokalitetar frå steinalderen. Det er to «steinalderstiar» på Radøy – éin på Rapeneset og éin til Ramsvikneset, Ilddalsneset og Kotedalen. Langs begge stiane er det sett opp skilt som fortel om steinalderen i området. Området er viktig også for fiskarar og fridykkarar. | Skilting Merking Informasjonsskilt Klopper Benk langs sti til Kotedalen «Steinalderbuplass» på Ramsvikneset. | Årleg vedlikehald og skjøtsel av stiane. Digital formidling bør vurderast. Tilrettelegging av sti vidare utover Rapeneset bør vurderast. Nytt telt på «steinalderbuplassen». | Ja | Alver kommune har sett opp skilta. |
| Kviste-Kvistefjellet (018) | 4 | Enkel fjelltur til den nest høgaste toppen på Radøy. Skilta og merka sti vidare til Sæbøvågen og Lundsåsen. Frå toppen er det panoramautsikt i alle retningar. | Merking Skilting Startpunkttafle Klopper Turpostkasse | Parkering. Skilting av sti til nabotoppen. | Ja | Privatpersonar har tilrettelagt stien mellom Kviste og Kvistefjellet. |
| Lygra (250, 251, 252, 253, 254) | 2 | Eit nettverk av turveggar og stiar gjennom lyngheiene nord på Lygra. Området er i dag den einaste staden i Europa med autentiske lyngheier drivne av lokale bønder, som òg er tilrettelagde for publikum. Høg grad av tilgjengelegheit. Det er ikkje tillate å sykla på desse vegane. | Turveg – delvis grusa. Informasjonsskilt. Turfaldar til låns. Benkar | Lyngheisenteret vurderer ulike formidlingstiltak. | Ja | Lyngheisenteret |

| | | | | | | |
|---|----|---|--|---|-------------------------------------|---|
| Bøkeskogen på Vollom (283, 284,) | 6 | Bøkeskogen på Vollom er einaste naturlege bøkeskogen på Vestlandet, og den nordlegaste i verda i sitt slag. Stien går gjennom bøkeskogen, som er verna, og over på gamal markaveg. Turen kan forlengast ved å gå vidare på med turvegen langs elva på oppsida av fylkesvegen. | Parkering i Vallevika. Badeplass, toalett og fleirbruksareal i Vallevika. | Opprusting av sti gjennom Bøkeskogen i tråd med forvaltningsplanen. | Naturreservat med forvaltningsplan. | Statsforvaltaren har ansvar for verneområdet. |
| Postvegen mellom Trælevika og Vågseidet (078, 297, 298) | 17 | Turen går langs Den Trondhjemske postveg frå slutten av 1700-talet. Denne delen av postvegen er tatt med i <i>Nasjonale verneplan for veger, bruer og vegrelaterte kulturminner</i> . | Delvis skilta Parkering på Vågseide | Stien frå Trælevik til Nesfossen bør ryddast betre. Fleire skilt. Betre marknadsføring av postvegen som turveg. | Vegen ligg på umatrikulert grunn. | Ingen |
| Skausnøyana (236, 238) | 17 | Svært populær tur med flott utsikt frå toppen. Det er stiar til Skausnøyana frå Vågseide, Skodvin og Fjellsbø. Stien frå Vågseide og Fjellsbø er tatt med her. | Klopper Turpostkasse Parkering på Fjellsbø. Det er mogleg å parkera også på Vågseide, men då må ein kryssa FV57. | Manglar skilting og merking. Ny parkering på Vågseide utan kryssing av FV57 (foreslått i utkast til reguleringsplan for FV57 Skodvin-Vågseide). | Munnlege avtalar med grunneigarar | Ingen. Lindås turlag har gjort ein del tilrettelegging i området. |
| Selifjellet (213) | 17 | Svært populær og flott tur til ein av dei høgaste toppane på Lindåshalvøya (395 moh). Vidstrakt utsikt frå toppen og fleire stader undervegs. Dei fleste går frå Fjellsbø, og det er den som er tatt med her. Det er stiar også frå Vik, Vefjell og | Parkering på Fjellsbø Klopper Turpostkasse | Betre skilting frå Fjellsbø. | Munnlege avtalar med grunneigarar | Ingen |

| | | | | | | |
|---|----|--|--|--|---|--------|
| | | Kløve. Stien frå Kløve er tatt med under Kløvheim. | | | | |
| Velandsegga/ Djupedalseggjene (245) | 18 | Sti frå Rødland til Djupedalseggene og Velandsegga. Flott utsikt på toppen og fleire stader undervegs. Det er stiar også frå Øvre Veland og Storset, men her er det vanskeleg å parkera utan avtale med grunneigarar. | Gjerdeklyv Turpostkasse | Parkering på Rødland. Stiane frå Øvre Veland og Storset bør ikkje marknadsførast då det berre er mogleg med parkering ved gardstun. | Nei | Ingen |
| Husdalsfjellet (248, 289) | 11 | Turen til Husdalsfjellet går på grusveg til det svært godt bevarte gardstunet på Husdal. Derifrå kan ein gå vidare opp dei gamle steintrappene mot utsiktspunktet på fjellet (623 moh) og vidare nedover i sørleg retning attende til Husdal. Frå utsiktspunktet kan ein gå vidare til toppen av Husdalsfjellet 734 moh. Her er det ikkje tydeleg sti. | Grusveg til Husdalsgardane | Parkering Skilting Restaurering av trapper | Nei | Ingen |
| Austlendingen (247) | 18 | Turen til Austlendingen er ein populær, men noko krevjande fjelltur til toppunktet 812 moh. Flott utsikt frå toppen. Stien ligg innanfor det området som er foreslått som nasjonalpark. Platået på toppen kan vera vêrhardt, og det ligg normalt snø her til eit godt stykke ut på våren. | Parkering Bru over Stegafossen (under bygging) Stien er varda | Skilting | Avtale med grunneigarar om bygging av bru over Stegafossen. | Ingen. |

| | | | | | | |
|----------------------------------|----|---|--|---|---|---------------------|
| Fjelde (295, 353) | 19 | Fjelde er ein veglaus fjellgard som har stått tom i mange tiår. Framleis står lemstova, som vert nytta til ferieopphald av tilsette i BKK, og løa på det eine bruket. Frå Urdal er det grusveg nokre kilometer, før ein kjem over på sti til Lille Urdalssætra og deretter sti vidare til Fjelde. Det er mogleg å gå vidare til Kalvedalen, eller ned til Eikemo. | Bru over elva Grusveg til Kleiva | Skilting Merking Ny bru over elva/fossen Parkering Evt. avtale om bruk av skogsvegen Digital formidling kan vurderast. | Nei | Ingen |
| Eiterdalen (300) | 20 | Sti frå parkeringsplass ved Gamlesætra til den nedlagde fjellgarden Eiterdalen. Undervegs passerer ein badekulpen, som vart kåra til Noregs finaste badeplass av Reiseradioen sine lyttarar i år 2000. Storfe på beite på delar av strekningen. | Parkering Skilt ved badeplass, men lite synleg | Merking Skilting Skilt om beite Klopper på våte område | Nei | Ingen |
| Sjørdalsnuten (290, 291, 351) | 20 | Lang tur (kring 1 mil éin veg) til Alver sitt høgaste punkt 957 moh. Det er også mogleg å gå frå Vemundsbotnen i Masfjorden kommune. Då vert turen noko kortare og lettare. Det ligg normalt snø her til ut på sommaren. | Parkering Skilting T-merka rute mot Skavlabu. Stien mot Sjørdalsnuten tar av frå den t-merka ruta mot Skavlabu og over på varda sti mot Sjørdalsnuten. Turpostkasse på toppen. | Fleire skilt. Informasjonstavle på parkeringsplassen. | Avtale med grunneigarar om plassering av skilt. | Nordhordland turlag |

| | | | | | | |
|---|----|---|---|--|-------------------------------------|--|
| Krossane/ Gladihaug (151, 170, 171, 172, 173, 287, 338) | 12 | Svært populært turområde med tilkomst frå Hopsdal, Fureberg og Nepstad (Sjosida). Det er i tillegg sti frå Stegane ved Knarvik, men denne er lite nytta og ikkje med her. Dei fleste går frå Hopsdal, der det er stor parkeringsplass. | Parkering på Hopsdal og ved Furebergtunnellen Nokre klopper på våte område Nokre skilt Turpostkasse | Parkeringsplassen på Hopsdal er full på fine vinterdagar då den vert brukt til parkering for skianlegget på Hopsdal. Meir skilting. Utbetring av stiar på våte område og der det er stor slitasje. | Nei | Ingen. Vedlikehald av stiane har blitt gjort av privatpersonar. |
| Håøy (178, 179) | 5 | Tur frå parkeringsplassen på Flatøy, gjennom Midtmarka til friluftsområdet på Håøy og Håøytoppen. Håøy vart tatt i bruk av forsvaet kring 1900, og det er ei rekkje kulturminne i området frå denne perioden. Kommandantbustaden er under restaurering med mål om at denne skal kunne brukast til utleige og dagsturhytte for brukarar av friluftsområdet. I Områdeplan for Midtmarka og Rotemyra er det regulert gang- og sykkelsti og kyststi frå E39 til Håøya. Planen er ikkje vedteken. | Parkering Skilting Informasjonstavler Startpunkttaavler Klopper Lyrikkløype Badeplass Kai Toalett | Ordinært vedlikehald. Rehabilitering av kommandantbustaden. Naturleikeplass vil gjera området meir attraktivt for dei minste. Turveg til området bør vurderast på sikt. | Munnlege avtalar med grunneigarar. | Flatøy bygdelag har skrive vedlikehaldsavtale for stiane til Håøy. BOF har vedlikehaldsansvar for friluftsområdet på Håøy. |
| Krossfjellet frå Øvre Sagstad (180) | 13 | Turstien frå Øvre Sagstad (287 moh) er mykje nytta. Flott utsikt på toppen. Turen frå Moldekleiv til Krossfjellet er tatt med under Grasdal/Moldekleiv. Det er også | Parkering Skilting Klopper/trapper Turpostkasse | Ordinært vedlikehald | Avtale med dei fleste grunneigarane | Meland sokneråd, Kvernbit orientering og UL solglytt mfl. |

| | | | | | | |
|---|----|---|---|--|--|--|
| | | mogleg å gå til Krossfjellet frå Bjørnestad/Meland kyrkje, Nedre Sagstad og Fosse. | | | | |
| Brakstadjellet (183, 299) | 14 | Turen følgjer grusvegen frå Brakstad til toppen av skaret, og går derifrå over på sti til det nest høgaste fjellet på Holsnøy (317 moh). Flott utsikt på toppen. Denne stien er del av eit større stinettverk. | Parkering Skilting Turpostkasse | Svært våt sti og stort behov for tilrettelegging. | Munnleg avtale med grunneigarar. | Nei |
| Gaustadjellet (181) | 4 | Sti frå Gaustad til den tredje høgaste toppen på Holsnøy (317 moh). Flott utsikt i alle retningar. Kan kombinerast med tur til nabotoppene Øyjordsfjellet og Bårafjellet. Det er også mogleg å gå frå Refskar. | Delvis skilta Turpostkasse | Parkering Skilting Merking | Nei | Nei |
| Eldsfjellet (009, 100, 158, 159, 160, 192, 336) | 16 | Svært populært turområde med Varden (324 moh, dagsturhytta Eldsbu og Vetten (290 moh) som viktigaste turmål. Vanlegaste tilkomst er frå Rossland, der det er parkeringsplass. Det er også mogleg å gå frå Skurtveit og Sætre. | Parkering på Rossland Skilting frå Rossland til Varden og dagsturhytta. Turpostkasse på Varden og ved dagsturhytta. Dagsturhytte. Toalett ved dagsturhytta. | Sherpatrapp og utbetring av sti frå Rossland til Varden. Skilting. Merking. Tilrettelegging for overnatting i hengekøye ved dagsturhytta. Parkeringsplassar på Skurtveit og Sætre. | Grunneigaravtalar frå Rossland og i felleseiga kring Varden. | Nei. Privatpersonar har gjort arbeid på stien. |

4 No-status vs. resultatmål

Kartlegginga av status på eksisterande sti- og løypenett har gjeve ei oversikt over tilstand og behov for kvar einiskild ferdselsåre. Ved å vurdera dette opp mot dei resultatmåla som er sett i kapittel 1.2, får me eit bilete av behov for tiltak innanfor kvart skuleområde og for kvar ferdselsåre med regional verdi/potensiale. Denne oversikta gjev eit grunnlag for vurdering og prioritering av tiltak i kapittel 5.

4.1 Ferdselsårer kring skulestader

Grøn Oppfyller i svært stor grad resultatmåla i kapittel 1.2.
Gul: Oppfyller delvis resultatmåla i kapittel 1.3.
Raud: Oppfyller berre i liten grad resultatmåla i kapittel 1.3.
Grå: Ikkje aktuelt, jf. resultatmåla.

| Område | Minst éin tursti innanfor ein radius på 500 meter frå alle kommune-, lokal- og nærsenter og alle skulestader i kommunen. | Informasjonstavler som viser alle aktuelle ferdselsårer er sentralt plassert i alle senter eller ved grunnskulane. | Dei viktigaste ferdselsårene er skilta og merka etter nasjonal standard. | Dei viktigaste stiane kring skulestader har god tilrettelegging og jamleg vedlikehald. | Attraktive målpunkt som t.d. gapahukar, klatreløyper etc. i tilknyting til ferdselsårer på alle skulestader | Universelt utforma turveg i tilknyting til kommunesenteret og alle lokalsentra i kommunen. | Det er tilgjengelege og skilta parkeringsplassar for turgåarar i kommune-, lokal- og nærsenter, ved alle skulestader |
|----------------|--|--|--|--|---|--|--|
| Hordabø | Raud | Raud | Gul | Gul | Raud | (i Byngja ca. 2 km frå Bøvågen) | Gul |
| Austebygd | Grøn | Raud | Raud | Raud | Raud | | |
| Manger | Grøn | Raud | Grøn | Gul | Grøn | (Mangerløypa har nokre bratte parti) | Gul |
| Austmarka/Sæbø | Grøn | Raud | Raud | Gul | Raud | | |
| Alversund | Grøn | Raud | Raud | Raud | Raud | | |
| Seim | Grøn | Raud | Raud | Gul | Grøn | | |
| Lindås | Grøn | Raud | Gul | Grøn | Grøn | Raud | |
| Myking | Grøn | Raud | Raud | Raud | Raud | | |
| Kløvheim | Grøn | Grøn | Grøn | Grøn | Gul | | |

| | | | | | | | |
|--------------------|--|--|--|--|--|--|--|
| Ostereidet | | | | | | | |
| Eikanger | | | | | | | |
| Leiknes | | | | | | | |
| Knarvik | | | | | | | |
| Grasdal/Moldekleiv | | | | | | | |
| Frekhaug/Sagstad | | | | | | | |
| Holme/Vestbygd | | | | | | | |
| Vikebø/Rosland | | | | | | | |

Oversikt over status for ferdselsårer i dei kartlagde skuleområda. For meir informasjon, sjå kapittel 3.1.

4.2 Ferdselsårer med regional verdi/potensiale

| Område | Tilgjengelege og skilta parkeringsplassar for turgåarar i ved startpunktet for regionalt viktige turområde | Informasjonstavler ved startpunktet for regionalt viktige ferdselsårer | Dei viktigaste ferdselsårene er skilta og merka etter nasjonal standard | Ferdselsårene har god tilrettelegging og jamleg vedlikehald | Ferdselsårene er marknadsført på ut.no og andre turportalar | Attraktive og vedlikehaldne målpunkt. |
|-------------------------------|--|--|---|---|---|---------------------------------------|
| Marøy | | | | | | |
| Byngja | | | | | | |
| Steinalderstiane på Straume | | | | | | |
| Kviste-Kvistefjellet | | | | | | |
| Lygra | | | | | | |
| Bøkeskogen på Vollom | | | | | | |
| Postvegen Trælevika-Vågseidet | | | | | | |
| Skausnøyna | | | | | | |
| Selivarden | | | | | | |
| Velandsegga/Djupedalseggjene | | | | | | |
| Husdalsfjellet | | | | | | |

| | | | | | | |
|----------------------------------|--------|-------|--------|--------|-------|-------|
| Austlendingen | Yellow | Red | Red | Yellow | Green | Green |
| Fjelde | Red | Red | Red | Red | Red | Green |
| Eiterdalen | Green | Red | Red | Red | Green | Green |
| Sjørdalsnuten | Green | Red | Green | Yellow | Green | Green |
| Krossane/ Gladhaug | Green | Red | Red | Red | Green | Green |
| Håøy | Green | Green | Green | Green | Green | Green |
| Krossfjellet frå Øvre Sagstad | Green | Green | Green | Green | Green | Green |
| Brakstadjellet | Yellow | Green | Green | Red | Green | Green |
| Gaustadjellet | Red | Red | Red | Red | Green | Green |
| Eldsfjellet | Yellow | Red | Yellow | Red | Green | Green |

Ferdselsårer med regional verdi eller potensiale. For meir informasjon, sjå kapittel 3.2.

5 Tiltaksplan

5.1 Korleis skal planen følgjast opp?

Avdeling for kulturutvikling, idrett og frivilligheit har hovudansvaret for at tiltaka i planen vert gjennomførte. Når det gjeld fysiske tiltak på ulike ferdselsårer er det likevel berre der frivillige ynskjer å ta på seg arbeid med tilrettelegging av turstiar at tiltaka som er lista i kapittel 3 kan gjennomførast. Kommunen kan bidra med rådgjeving, koordinering, skiltbestillingar og ved å løyva tilskot til tiltaka. Kommunen vil også ta initiativ ovanfor lag og organisasjonar for å prøva å få sett i gang dei aktuelle tiltaka som er lista opp i kapittel 3.

Nokre av tilretteleggingstiltaka er av ein slik storleik eller type at det er naturleg at kommunen tar på seg ei rolle som tiltakshavar, eller bidrar med finansiering utover mindre tilskot. Dette gjeld også der kommunen er eigar av turveggar eller andre friluftslivsanlegg. Desse tiltaka er lista opp kapittel 5.3. For tiltak som er foreslått under 5.3 har det vore dialog med grunneigar eller tiltaka er vedtatt i tidlegare planar. Tiltaka i denne delen vil verta tatt med og prioriterte i samband med Kommunedelplan for kultur, idrett og friluftsliv.

Berre der det ligg føre avtalar med grunneigarar kan tiltak på ein eigedom, utover det som er lov etter allemannsretten, gjennomførast. Sjølv om eit behov for utbetring er nemnd i denne planen, vil det berre verta utført dersom grunneigar samtykkjer eller dersom kommunen gjer vedtak etter § 35 i friluftsløva.

5.2 Generelle tiltak

1. Oppdatert kunnskapsgrunnlag om friluftslivets ferdselsårer i kommunen

| Tiltak | Periode | Ansvar | Kostnad |
|--|-------------------|---|--|
| Kartleggja og registrera turstiar og andre ferdselsårer i resten av kommunen. | Kontinuerleg | Kultur | Vert gjennomført som del av ordinær drift – totalt kring tre månadsverk. |
| Legge inn dei viktigaste ferdselsårene i arealdelen i kommuneplanen (KPA). Vurdere arealføremål «turdrag» eller «turveg» | I samband med KPA | Kultur, Plan og analyse, Arealforvaltning | Vert gjennomført som del av ordinær drift. |
| Utarbeide føresegner for KPA som sikrar tilrettelegging av nærturar i nye bu- og skuleområde. | I samband med KPA | Kultur, Plan og analyse, Arealforvaltning | Vert gjennomført som del av ordinær drift. |
| Oppdatera kartgrunnlag til statens Kartverk (TFR) | Kontinuerleg | Kultur | Vert gjennomført som del av ordinær drift. |
| Utarbeida plan for friluftslivets ferdselsårer til sjøs og på vatn | 2023-2024 | Kultur og plan og analyse | Må utgreiast i samband med KDP |

2. Betre tilrettelegging og meir bruk av nærturar

| Tiltak | Periode | Ansvar | Kostnad |
|---|--------------|---|--|
| Ta initiativ til å få på plass avtalar med frivillige lag om vedlikehald av viktige ferdsselsårer der dette manglar. | Kontinuerleg | Kultur | Vert gjennomført som del av ordinær drift. |
| Vidareføra tilskotsordning for enkle tilretteleggingstiltak for turstiar i heile kommunen med løpande søknadsfrist. | Kvart år | Kultur | 300 000 kr per år innanfor eksisterande ramme |
| Ta initiativ til og gje tilskot til tilrettelegging av ferdsselsårer i tråd med tiltakslista i kapittel 3.1 der ein får avtalar med grunneigarar og frivillige. | Kontinuerleg | Kultur. Gjennomførast i samarbeid med frivillige. | Finansiering ved hjelp av midlar nemnd i førre punkt. Større tiltak må inn i kommunedelplan for kultur, idrett og friluftsliv eller finansierast med eksterne midlar |
| Ta initiativ til og gje tilskot til skilting og merking av ferdsselsårer etter nasjonal standard der dette manglar. | Kontinuerleg | Kultur. Gjennomførast i samarbeid med frivillige. | Kring 50 000 kr per år. Finansiert ved avsette fondsmidlar og evt. spelemidlar. |
| Skilting til turområde frå alle kommune-, lokal- og nærsenter og/eller skulestader. | 2022-2023 | Kultur i samarbeid med plan og analyse og lag og organisasjonar | Kring 50 000 kr per år. Finansiert ved avsette fondsmidlar og evt. spelemidlar. |
| Setja opp skilt om at parkeringsplassar ved skular kan brukast av turgåarar utanom skule- og sfo-tid | 2024 | Kultur, vegavdeling, oppvekst | Kring 75 000 kr. |

3. Betre tilrettelegging av turstiar av regional verdi og interesse

| Tiltak | Periode | Ansvar | Kostnad |
|---|-----------|---|--|
| Vidareutvikla dagsturhyttene som turmål. | 2022-2026 | Alver kommune | Kring 30 000 kr per år. Større einskildtiltak er tatt med i kap. 5.4. |
| Ta initiativ til og gje tilskot til tilrettelegging av ferdsselsårer i tråd med tiltakslista i kapittel 3.2 der ein får avtalar med grunneigarar og frivillige. | Kvart år | Alver kommune, lag og organisasjonar | Finansiering ved hjelp av midlar nemnd under 2. Større tiltak må inn i kommunedelplan for kultur, idrett og friluftsliv eller finansierast med eksterne midlar |

| | | | |
|---|-----------|---|---|
| Setta opp skilting på regionalt viktige turstiar og setja opp turskilttavler ved inngangen til større turområde | 2023-2024 | Alver kommune i samarbeid med lag og organisasjonar | 50 000 kr per år. Finansiert ved avsette fondsmidlar og evt. spelemidlar. |
| Tilrettelegging av kulturhistoriske turar. Vurdera å ta i bruk app til dette formålet. | 2023-2026 | Alver kommune i samarbeid med lag og organisasjonar | 25 000 kroner per år |

4. Betre marknadsføring av og kjennskap til friluftslivets ferdssårer i kommunen

| Tiltak | Periode | Ansvar | Kostnad |
|---|--------------|---|--|
| Leggja ut fleire turar som er eigna til det på ut.no og vedlikehalda informasjonen der. | Kontinuerleg | Kultur i samarbeid med Bergen og Hordaland turlag og frivillig. | Vert gjennomført som del av ordinær drift. |
| Marknadsføra turstiar på kommunen sin nettside og i sosiale medium | Kontinuerleg | Kultur | Vert gjennomført som del av ordinær drift. |
| Vera med å markera «Friluftslivets uke» | Årleg | Kultur i samarbeid med lag og organisasjonar | 15 000 kr per år |
| Vidareføra tilskotet til Stolpejakten | Årleg | Kultur | 56 000 kr per år |

5. Etablere nettverk og fast samarbeid mellom aktørar som arbeider med ferdssårer

| Tiltak | Periode | Ansvar | Kostnad |
|--|--------------|--|--|
| Faste årlege møte mellom kommunen, turlaga og andre tilretteleggingsaktørar om ferdssårer for friluftslivet. | Årleg | Kultur | Vert gjennomført som del av ordinær drift. |
| Gjera friluftsliv til tema på tverrfaglege samlingar i kommunen, planteam og nettverksmøte | Kontinuerleg | Kultur, planavdelinga | Vert gjennomført som del av ordinær drift. |
| Distribuera informasjonsmateriell om rettar og pliktar knytt til ferdsel og tilrettelegging av ferdssårer. | 2023 | Kultur i samarbeid med lag og organisasjonar | Kring 30 000 kr. Finansiert med midlar til turstiar som er sette av på fond. |

5.3 Større einskildtiltak

I tiltaka som er nemnde på konkrete eigedomar nedanfor har det vore dialog med grunneigar eller tiltaket er i samsvar med reguleringsplan eller tidlegare vedtatte planar.

| Stad | Type tiltak | Ansvar | Kostnad | Prioritet |
|--|---|---|--|-----------|
| Byngja | Universelt utforma turveg til badeplassen | Alver kommune | Totalt kring 2 500 000 kr. Kommunal eigendel på kr 560 000 er sett av. | 1 |
| Marøy | Kulturminneskilt | Alver kommune | Kring 50 000 kr | 2 |
| Velandsegga/ Djupedalseggene (Rødland) | Parkering (Tiltaket er avhengig av at Eikanger IL eller Stranda bygdela får skøyte på eigedomen. Per i dag er det det nedlagde idrettslaget Hild som er registrert som eigar). | Eikanger IL med tilskot frå Alver kommune | Kring 50 000. | 3 |
| Byngja | Badstue ved dagsturhytta Sjøbua i Byngja. I samband med eit prosjektet som fylkeskommunen har tatt initiativ til. | Alver kommune | Ikkje avklara per d.d. Vert vurdert etter høyringsrunden. | 4 |
| Eldsfjellet | Tilrettelegging med sherpatrapp frå Rossland | Alver kommune | Må utgreiast i samband med KDP. | 5 |
| Gaustadjellet | Parkering | Alver kommune | Må utgreiast i samband med KDP | 6 |
| Fjelde | Tilrettelegging av ferdselsåre | Nordhordland turlag/ Alver kommune | Må utgreiast i samband med KDP | 7 |
| Moldekleiv | Parkering | Ikkje avklara | Må utgreiast i samband med KDP | 8 |
| Kvistefjellet (ved Kvistevegen) | Parkering | Alver kommune | Må utgreiast i samband med KDP | 9 |
| Skausnøyne (Vågseidet/Våge) | Parkering | Ikkje avklara | Må utgreiast i samband med KDP | 10 |
| Frekhaug | Universelt utforma turveg | Alver kommune | Må utgreiast i samband med KDP | 11 |
| Lindås | Universelt utforma turveg | Alver kommune | Må utgreiast i samband med KDP | |
| Ostereidet | Universelt utforma turveg | Alver kommune | Må utgreiast i samband med KDP | |
| Knarvik-Alversund | «Kyststi» | Alver kommune | Må utgreiast i samband med KDP | |